

## INNHALD

LEIAR	
Olav Veka: Norsk namnelag – eit stabilt lag.....	3
Gunnstein Akselberg: Norsk namnegransking i medgang og motgang ...	4
NORSK NAMNELAG	
Terje Larsen: Landsmøte i Norsk namnelag .....	6
MØTE OG KONFERANSAR	
Kaisa Rautio Helander: Symposium om stedsnavn og identitet i flerkulturell kontekst .....	7
RAPPORT FRÅ KONFERANSE	
Botolv Helleland: Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking.....	8
Terhi Ainiala: Namnforskningens generella aspekter och framtidens utmaningar .....	10
Ivar Utne: Hvilke holdninger kan leses ut av navneskifter etter den nye personnavnloven? .....	13
Olav Veka: Etternamnstypar og regional tilhørsle .....	19
Tore H. Vigerust: Geografisk og sosial distribusjon av mannlige fornavn i sønnafjellske fjell- og dalbygder omkring år 1600.....	23
Ida Pinnerød: Framveksten av flernavnsskikken i Nordland på 1700-tallet i lys av et sosialt perspektiv .....	27
Vidar Haslum: Personnavnutviklingen i Birkenes på 18- og 1900- tallet .....	33
Botolv Helleland: Stadnamn og lokal identitet .....	42
Ole-Jørgen Johannessen: Oppsummering av konferansen .....	47
NAMNEKONSULENTTENESTA	
Kjell Erik Steinbru, Boye Wangenstein og Nils Jørgen Gaasvik: Samrådsmøtet 2006 .....	51
NORMERING OG BRUK AV NAMN	
Astrid Sann Evensen: Tromsø kommune bryter lov om stadnamn.....	57
NORNA	
Svavar Sigmundsson: Den fjortende nordiske navnekongressen.....	59
FN-NYTT	
FN-konferanse i august.....	60
ANNA MELDINGSSTOFF	
Gustav Adolf-prisen til Gulbrand Alhaug .....	60
Doktordisputas i namnegransking i Bergen .....	61
Klaus Johan Myrvoll: Nidaros-striden i faghistoria. Samandrag av doktoravhandlingi åt Roger Lockertsen .....	61

Namnekonferanse i Sør-Afrika.....	63
Geografiske namn på mange språk.....	63
Namenkundliche Informationen – eit informativt tidsskrift .....	64
<b>ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN</b>	
Line Lysaker Heinesen: Forskjellige aspekter ved navn .....	64
Torbjørn Ekroll: Eikrol eller Ekroll? .....	69
<b>BOKOMTALAR</b>	
Arne Torp: Stadnamn som kjelde til kunnskap om levevis og landbruk i farne tider.....	72
Åse Wetås: Ivar Aasen om namn og nemne .....	75
Frode Myrheim: Endå ei populærbok om personnamn .....	77
Botolv Helleland: Det siste norske landnåmet .....	78
Alf Meisingset: Vegnamn i Møre og Romsdal .....	79
Klaus Johan Myrvoll: Minne um gamal tru i stadnamn .....	81
Botolv Helleland: Ny bok om dei svenske <i>måla</i> -namna .....	84
Botolv Helleland: Fyrste band frå Pisa-kongressen .....	85
<b>NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI</b>	
Klaus Johan Myrvoll: Norsk namnebibliografi 2005 .....	86

LEIAR

## NORSK NAMNELAG – EIT STABILT LAG

På landsmøtet den 10. november 2006 vart eg vald til ny leiar i Norsk namnelag, som den fjerde i rekkja sidan skipinga i 1983, og eg takkar for tilliten. Norsk namnelag er ein stabil organisasjon med lite utskifting av tillitsvalde, eit medlemstal som varierer lite frå år til år og ein relativ god økonomi, i det heile teke ein ønskjesituasjon for ein ny leiar i eit lag.

Med min bakgrunn frå den vidaregåande skulen er eg den fyrste leiaren som er henta utanom dei akademiske krinsane, men den faglege bakgrunnen min har eg frå dei same krinsane med eit Oslo-miljø dominert av professorane Beito og Hovda og eit arkivmiljø med Lars Ekre, Kåre Hoel og Alv Muri som gode rådgjevarar når det trongst. Mi interesse for namn har i skuleverket kome til uttrykk gjennom fleire lærebøker der eg har drege inn både stadnamn og personnamn, og ikkje minst gjennom tallause elevprosjekt eller særømne om namn av alle slag med ei klar overvekt for personnamn eller førenamn. Namn eignar seg godt til eit fyrste, «vitskapleg» prosjekt for tenåringar der dei får prøva ut ein enkel forskingsmetode med innsamling av materiale, systematisering og konklusjonar, eller mindre pretensiøst: påpeiking av generelle eller spesielle trekk ved det innsamla materialet. At framlegging av eit materiale av personnamn også har ein opplysende og jamvel underhaldande verknad på publikum, dvs. medelevar, gjer sitt til at namnefaglege emne alltid vekker interesse. Berre ved min skule vil eg tru at det i gjennomsnitt er fem elevar kvart år som arbeider med prosjekt innanfor namnegransking.

Dessverre har det ikkje alltid vore så mykje hjelp å få frå fagleg hald dei siste åra. Prisverdig nok ligg det frå 2003 (?) ei innføring i stadnamn som særømne på nettstaden til namnekonsulentane, skriven av Eli Johanne Ellingsve ([www.stedsnavn.org/?id=seremne](http://www.stedsnavn.org/?id=seremne)), men det seier litt om kor vanskeleg det er å nå fram med informasjon om aktuelt stoff i mylderet på nettet at eg ikkje var klar over nettsida før eg søkte på Google i samband med denne leiaren. Så vidt eg har funne ut, har heller ikkje denne nettstaden om særømne vorte omtala i *Nytt om namn*, og det er uheldig. *Nytt om namn* ber undertittelen «meldingsblad», og denne nettstaden har absolutt krav på ei melding til alle medlemmer i skuleverket.

Men meir skjer. I nr. 42 av *Nytt om namn* kan me finna ei orientering om eit nordisk utval som vart sett ned i 2005 for «å utarbeide et undervisningsopplegg som kan integreres i skolen på ulike trinn». Det lovar godt.

Og her nærmar me oss det som må vera ei hovudoppgåve for det nye styret, nemleg å snikra saman ein nettstad eller ei heimeside både for medlemmer av namnelaget, for ålmenta og ikkje minst for brukargrupper i skuleverket. Eg har bladd litt tilbake i gamle årgangar av *Nytt om namn* og funne ut at fyrste gongen ein nettstad var nemnd, var så tidleg som i 1998. Tanken har vore der lenge, men eg skjønar godt at gjennomføringa har lote venta på seg i eit lag der storparten av arbeidet vert gjord av folk som har meir enn nok av arbeidsoppgåver frå før. Namnelaget vert drive og halde oppe av ulønte tillitsvalde, og då seier det seg sjølv at mange lagsoppgåver må vika for stillingskrav.

All røynsle tilseier at me ikkje skal slå for stort på i byrjinga. Det er lett å leggja store planar, men både gjennomføring og ikkje minst vedlikehald av slike nettstader krev tid og arbeid. Når heimesida er aktiv, må me koma attende til utviding av innhaldet. Førebels vil eg berre be om tips og gode idear til utforming og innhald før me tek ei grundigare drøfting på neste landsmøte.

Olav Veka  
veka@online.no

## **NORSK NAMNEGRANSKING I MEDGANG OG MOTGANG**

### **Gamleleiaren takkar for seg**

Det siste tiåret har i all hovudsak vore eit godt tiår for norsk namnegransking og for Norsk namnelag. Det er skrive fleire doktoravhandlingar i denne perioden innom fagdisiplinen, og særleg har Universitetet i Bergen vore produktivt her. Dessutan har det vore gjeve undervisning i namnegransking på alle faglege nivå og ved dei fleste institusjonane som underviser i namnegransking. Og det har kome til fleire nye hovudoppgåver og masteroppgåver.

Publikum har vist stor interesse for namnesaker, og særleg universiteta i Oslo og Bergen har fått mange spørsmål knytte til namneval og skrivemåte. Det er kjærkome at det finst ei stor allmenn interesse for fagfeltet som vi forvaltar. Elles er den allmenne interessa for namn, både stadnamn og personnamn, stor i Noreg. Dette er ein av grunnane til at Namnelaget har hatt eit jamt medlemstal i heile denne perioden. Kvart år er det nokre ut- og innmeldingar, men desse veg som regel opp for kvarandre. Medlemstalet har lege på 380–390 medlemmer i desse åra.

Meldingsbladet *Nytt om namn* når ein stor lesarskare, og det er mykje interesse for denne publikasjonen. Interessa har nok samband med at her

finst mykje orienteringsstoff og kortare artiklar av meir populær karakter. For å kunna fylgja med i kva som rører seg på namnefronten i Noreg, er *Nytt om namn* ein svært nyttig publikasjon.

Tidsskriftet *Namn og Nemne* har hatt ein profil med høgt fagleg og vitenskapleg nivå med tema som strekkjer seg frå teoretiske og metodiske spørsmål til konkrete utgreiingar om namnetolkingar og normeringsprinsipp. Eit leiande prinsipp har vore at emneprofilen skal vera brei og heterogen, og at tidsskriftet skal kunna nå ulike lesargrupper – frå aktive forskarar til den interesserte ålmenta. Det har vore eit viktig mål å få publisert dei norske doktordisputasane i namnegransking i *Namn og Nemne*.

Viktig har det òg vore at det er sett i gang mange store namneprosjekt som har gjort store namnedata og namnearkiv tilgjengelege for søk i digitaliserte basar. Her har m.a. Universitetet i Bergen nådd langt med prosjektet *Namn på nett*, ein base som er tilgjengeleg for alle namneinteresserte. Også Universitetet i Oslo har brukt store ressursar på å digitalisera namnemateriale for å gjera det tilgjengeleg på nettet.

Mindre kjekt for namnegranskarane har det vore at det dei siste åra har gått tilbake med namnegransking som vitenskapleg fag ved fleire av universiteta og høgskulane. Dersom denne utviklinga held fram, vil det kunna svekkja ein disiplin med lange tradisjonar i landet, og som har gjeve oss viktig innsikt i språk og samfunn. Denne kunnskapen har vore heilt avgjerande for å forstå utviklinga i landet vårt i dag og gjennom hundreåra. I dag vert faget ofte skvisa mellom dei andre prioriteringane som vert gjorde ved universiteta og høgskulane.

Namnelaget har dei siste ti åra sett det som si viktigaste oppgåve å halda oppe tidsskriftet *Namn og Nemne* og meldingsbladet *Nytt om namn*. Gjennom dette arbeidet held vi også dei namneinteresserte innom ulike samfunnssektorar samla. Vi skulle gjerne hatt høve til å engasjera oss meir i den offentlege debatten om namn og namnebruk, men det er ikkje alltid det vert høve til det. Det spørst om ikkje dei faglege instansane, og ikkje den ideelle organisasjonen *Norsk namnelag*, burde gå sterkare inn i denne rolla.

Med dette takkar eg for meg som leiar av *Norsk namnelag*. Det har vore ei utfordrande og interessant tid, og eg vil takka alle medlemmane våre for at dei held fram i Namnelaget. Stafettpinnen er no teken over av Olav Veka, ein kjend person i dei norske namnemiljøa. Veka vart vald til ny leiar på landsmøtet i Namnelaget i november i år. Eg ynskjer Olav Veka lukke til som leiar – og ynskjer han mange gode og interessante år i førarsetet i Namnelaget.

Gunnstein Akselberg  
gunnstein.akselberg@hf.uib.no

## NORSK NAMNELAG

## LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG

Norsk namnelag hadde landsmøte i Gaustadalleen 25, Blindern, Universitetet i Oslo, 10. november 2006 rett etter den 11. nasjonale konferansen i namnegransking, og seksten medlemmer møtte. Dei vanlege landsmøtesakene stod på saklista: 1. Godkjenning av saklista. 2. Val av møteleiar og skrivar. 3. Verksemda i Norsk namnelag 2003–2006. 4. Tidsskriftet *Namn og Nemne*. 5. Meldingsbladet *Nytt om namn*. 6. Rekneskap. 7. Val av styre og redaksjonsmedlemer.

Innkallinga og saklista vart godkjende utan merknader. Gunnstein Akselberg vart vald til møteleiar og Terje Larsen til skrivar.

Under punkt 3 gjorde leiaren i Namnelaget, Gunnstein Akselberg, greie for verksemda i meldingsperioden. Akselberg streka under at hovudverksemda er å gje ut meldingsbladet *Nytt om namn* og tidsskriftet *Namn og Nemne*. Med eitt unnatak har Akselberg skrivne leiar i kvart nummer av *Nytt om namn* med utgangspunkt i aktuelle emne innanfor namnefaget. Han meinte likevel at Namnelaget må vera varsame med å engasjera seg for sterkt i namnepolitiske saker, og viste til at dette i mange høve heller bør vera ei oppgåve for Samarbeidsnemnda for namnegransking.

*Namn og Nemne* har i meldingsperioden kome ut med to hefte i staden for tre, fordi årgangane 20 og 21 vart slegne saman til eitt hefte. For dette heftet var Gunnstein Akselberg og Oddvar Nes redaktørar, medan årgang 22 vart redigert av Akselberg og Kristoffer Kruken. Når det gjeld innhaldet i årgang 23, er det så å seia på plass.

Styret har i meldingsperioden arbeidd med å få skipa eit redaksjonspanel. Dette er viktig for at artikkelforfattarane skal få publiseringspoeng. Akselberg har kontakta fleire utanlandske granskarar, og alle som er spurde, har svara ja. Manustilgangen til tidsskriftet kunne elles ha vore betre, og Akselberg oppmoda fagmiljøet til å senda inn artiklar. På spørsmål frå landsmøtet om det ikkje kan vera ein samanheng mellom tilgangen på stoff og den ujamne utgjevinga, svara Akselberg at utgjevinga av tidsskriftet etter hans syn er svært stabil i høve til utgjevinga av mange andre tidsskrift, også utanlandske.

Meldingsbladet *Nytt om namn* har som vanleg kome med to nummer i året. Bladet inneheld både meldingsstoff og faglege artiklar. Botolv Helleland er ansvarleg redaktør og Klaus Johan Myrvoll redaksjonssekretær, medan Gulbrand Alhaug, Peter Hallaråker og Gudmund Harildstad har vore redaksjonsmedlemer. Meldingsbladet fekk mange godord frå landsmøtet.

Rekneskapen som vart lagd fram, var ikkje revidert, men landsmøtet vart presentert for to notat frå Jarle Halveg, som fører rekneskapen. Laget har god økonomi. Landsmøtet godkjende rekneskapen under føresetnad av at han også blir godkjend av revisorane.

Når det gjeld medlemstalet, har dette dei siste åra lege mellom 380 og 400. Talet er no 386, og i 2006 har 18 meldt seg ut og 17 har meldt seg inn.

Siste post på saklista var val. *Olav Veka* vart vald til ny leiar etter *Gunnstein Akselberg*, som hadde vore leiar i tre periodar, og som difor ikkje kunne attveljast etter vedtektene. Dei andre vala fekk dette resultatet: Varaleiar *Anne Svanevik* (attval), styremedlem *Åse Wetås* (tidlegare varamedlem for Inge Særheim) med varamedlem *Roger Lockertsen* (ny), styremedlem *Marit Breie Henriksen* (ny) med varamedlem *Terje Larsen* (tidlegare varamedlem for Peter Hallaråker), *Gunnstein Akselberg* (tidlegare leiar) med varamedlem *Tor Erik Jenstad* (tidlegare varamedlem for Gudlaug Nedrelid). Redaktørar av *Namn og Nemne*: *Kristoffer Kruken* og *Gunnstein Akselberg* (attval). Redaksjon *Nytt om namn*: *Botolv Helleland* (ansvarleg redaktør, attval), *Klaus Johan Myrvoll* (redaksjonssekretær, attval), *Gudmund Harildstad* (attval) og *Vidar Haslum* (ny). *Boye Wangensteen* vart attvald som revisor, medan styret fekk fullmakt av landsmøtet til å finna ein revisor i tillegg slik vedtektene krev. *Jarle Halveg* held fram som rekneskapsførar og sekretær.

Terje Larsen  
terje.larsen@iln.uio.no

## MØTE OG KONFERANSAR

### SYMPOSIUM OM STEDSNAVN OG IDENTITET I FLERKULTURELL KONTEKST

Det internasjonale symposiet *Place names and identities in multicultural contexts* (Stedsnavn og identitet i flerkulturell kontekst) som ble avholdt i Karasjøk 17.–19. august 2006, samlet rundt førti deltakere fra en rekke europeiske land samt fra Australia, Canada og Sør-Afrika. Av disse var det over tretti som holdt foredrag. Målet med symposiet var å samle fagfolk fra ulike disipliner for å drøfte empiriske og teoretiske utfordringer innen stedsnavnrelatert forskning. Konferansen ble åpnet av sametingspresident Aili Keskitalo.

Det ble holdt fem plenumsforedrag («keynote lectures»): *Ole Henrik Magga*: Saami place names – use, function and research [Samiske stedsnavn – bruk, funksjon og forskning]; *Lawrence Berg*: The ontological politics of

naming [Den ontologiske navngivingspolitikken]; *Catherine Nash*: Place names, cultural property and cultural belonging [Stedsnavn, kulturell eiendom og kulturell tilhørighet]; *Anssi Paasi*: Territory, landscape and identity: do they still matter in the globalizing world? [Territorium, landskap og identitet – betyr det fortsatt noe i en globalisert verden?]; *Heikki Paunonen*: The mental and territorial map of young working class boys and men in the early 20<sup>th</sup> century Helsinki slang [Det mentale og territorielle kartet til unge menn fra arbeiderklassen i Helsingfors-slang i begynnelsen av det 20. århundre]. Ellers fikk vi en rekke ulike tilnærminger til symposietemaet. Situasjonen for samisk stedsnavnbruk i eldre og nyere tid ble tatt opp av flere. Også stedsnavn som del av de baltiske lands identitet ble grundig belyst. Stedsnavn og kulturell identitet hos aboriginale folk var emne for flere av foredragene.

Alle foredrag og diskusjonsrunder ble holdt på engelsk. Sammendrag av foredragene finnes på hjemmesiden til Sametinget under følgende adresse: [www.samediggi.no/artikkel.asp?Mid1=1&AId=899&back=1](http://www.samediggi.no/artikkel.asp?Mid1=1&AId=899&back=1)).

Sametinget hadde stilt sine rommelige lokaler til disposisjon og også sørget for at de tekniske forhold fungerte prikkfritt. De sosiale sidene ble også godt ivaretatt, bl.a. ved to ekskursjoner, en til elva Tana langs den finsk-norske grensa, og en til Porsangerfjorden.

Det er ikke planlagt noen samlet rapport fra symposiet, men en del av foredragene vil bli publisert i ulike faglige organ. Det var enighet på symposiet om å videreføre den faglige kontakten gjennom det nettverket som alt var opprettet, også med tanke på en senere konferanse.

Kaisa Rautio Helander  
kaisa.rautio.helander@samediggi.no

## RAPPORT FRÅ KONFERANSE

### **DEN 11. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING BLINDERN 10. NOVEMBER 2006**

Fredag 10. november 2006 vart *Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking* skipa til på Blindern. Tilskipar var Forskargruppa for namnegransking ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo. Hovudemnet for konferansen var *Personnamn og personnamnbruk i kronologisk, geografisk og sosialt perspektiv – kva impulsar og mentale haldningar styrer namngjevinga?*



Konferansen vart opna av instituttleiar Hanne Gram Simonsen, som streka under at det var positivt av fagmiljøet å diskutera namnegransking under nye synsvinklar, m.a. ved å dra inn fagfolk frå tilgrensande disiplinar. Desse hadde innlegg på konferansen:

Knut Kjeldstadli, Institutt for arkeologi, konservering og historiske studium, Universitetet i Oslo: Navn som kilde til kulturell identitet.

Frank Aarebrot, Institutt for samanliknande politikk, Universitetet i Bergen: Navneforskning og samfunnsforskning. Hva ønsker samfunnsforskeren seg?

Jørgen Ouren, Statistisk sentralbyrå, Oslo: Hvordan kan SSBs navneregister brukes i navneforskning?

Terhi Ainiala, Forskningscentralen för de inhemska språken, Helsingfors: Namnforskningens generella aspekter och framtidens utmaningar.

Ivar Utne, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen: Hvilke holdninger kan leses ut av navneskifter etter den nye personnavnloven?

Olav Veka, Brumunddal: Etternamnstypar og regional tilhørslse.

Gulbrand Alhaug, Humanistisk fakultet, Universitetet i Tromsø: I kva grad avspeglar norske fornamnskurver (1880–2005) populariteten til kjente personar?

Tore H. Vigerust, Oslo: Geografisk og sosial distribusjon av mannlige fornavn i sønnafjellske fjell- og dalbygder omkring år 1600.

Ida Pinnerød, Institutt for lærerutdanning og kulturfag, Høgskolen i Bodø: Framveksten av flernavnsskikken i Nordland på 1700-tallet i lys av et sosialt perspektiv.

Vidar Haslum, Humanistisk fakultet, Universitetet i Stavanger: Personnavnutviklingen i Birkenes på 18- og 1900-tallet.

Botolv Helleland, Namnegransking, Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo: Namn og lokal identitet.

Ole-Jørgen Johannessen, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen: Oppsummering og samanfattande problemstillingar/forskningsoppgåver.

*Nytt om namn* prentar åtte av innlegga i den rekkjefylgja dei vart haldne. Knut Kjeldstadli og Jørgen Ouren har valt ikkje å publisera innlegga sine, medan innlegget til Frank Aarebrot er lova til neste nummer av *Nytt om namn*. Gulbrand Alhaug kjem til å publisera ein meir utførleg versjon av innlegget sitt i *Studia anthroponymica Scandinavica* 25 (2007).

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## NAMNFORSKNINGENS GENERELLA ASPEKTER OCH FRAMTIDENS UTMANINGAR

Jag kommer att föra fram en del aspekter som jag anser är centrala för dagens och framtidens namnforskning. De här synpunkterna baserar jag på den namnforskning som görs i Norden och av naturliga grunder speciellt på den namnforskning som görs i Finland.

### **Breddning av forskningsfältet**

Namnforskningen har traditionellt fokuserat på ortnamns- och personnamnsforskning.

Ortnamnen och personnamnen har utgjort tyngdpunkterna inom onomastisk forskning, och det så kraftigt att till exempel många av de allmänna verken i ämnet har koncentrerats bara på dessa områden. Detta är också förståeligt, för det är ju just människor och platser som är de objekt som traditionellt har individualiserats mest i olika språk och kulturer. Enligt min åsikt räcker ändå inte längre den traditionella indelningen i ortnamns- och personnamnsforskning.

Det fält av objekt som ska namnges har breddats och breddas konstant. I den värld och det samhälle som omger oss finns det ett behov av att namnge sådana objekt som tidigare kanske inte ens har funnits eller åtminstone så har vi tidigare inte haft behov av att namnge dem i samma utsträckning som i dag. Sådana här namnen är åtminstone kommersiella namnen, eller namn på företag och produkter. Även många andra namnkategorier kan anses vara kommersiella eller delvis kommersiella namn (t.ex. namn på artister).

Undersökningar av namn av sådant slag är ingalunda ny. Redan under årtionden har man i namnforskningen också ägnat sig åt andra namn än ort- och personnamn. För dessa har kategorin «övriga namn» skapats, som kan betraktas som ett slags restkategori där alla de namn placeras som inte är ort- eller personnamn. Övriga namn är till exempel namn på djur, tåg, båtar, produkter och företag. Det enda gemensamma för de här namngrupperna torde vara att de varken är personnamn eller ortnamn.

«Övriga namn» är enligt min åsikt en besvärlig namnkategori bara på grund av de orsaker jag redan nämnt. Dessutom visar namnkategorins blotta existens att namnforskningen inte har kommit fram till en heltäckande kategorisering som omfattar alla namn. Jag kan dock inte se någon möjlighet att det ens i framtiden skulle gå att skapa och etablera en enskild kategorisering, eftersom kategorisering alltid är beroende av synvinkeln och eftersom det inte ens finns bara *en* rätt kategorisering.

Oberoende av kategoriseringsproblemen bör namnforskningen i högre grad beakta det breddade och förändrade fältet av objekt som ska namnges och sträva efter att etablera begrepp också för dessa typer av namn. Åtminstone är gruppen med kommersiella namn så omfångsrik att man skulle kunna den att bli behandlad som ett begrepp, t.ex. i allmänna översikter av namnskicket. Förhoppningsvis blir begreppet «övriga namn» å andra sidan en term som används allt mindre.

### **Teorier och metoder**

Forskningsfältet inom namnforskningen har alltså breddats vad forskningsobjekten beträffar. När vi ska undersöka till exempel nya slag av kommersiella namn räcker nödvändigtvis inte längre de metoder och teoretiska utgångspunkter som traditionellt har använts i ortnamns- och personnamnsforskningen. De kan kanske inte ens användas eller tillämpas. Också de s.k. traditionella forskningsobjekten kan dra nytta av de nya synvinklarna. Om vi tänker på hur ortnamns- och personnamnsforskningen mer generellt har sett ut så vågar jag något tillspetsat säga att den typiska undersökningen har beskrivit kategorier eller etymologier. Och nu vill jag betona att jag inte anser att sådan forskning är fel. Såväl etymologiska undersökningar som strukturella och semantiska analyser är mycket naturliga och kanske till och med nödvändiga utgångspunkter för namnforskningen. Men kanske är det ändå så, att andra möjliga undersökningsperspektiv har fått onödigt lite uppmärksamhet.

Namnforskningen har ibland anklagats för att stå för långt ifrån annan språkforskning. Möjligen kan orsaken ligga i det sätt hur namnforskningen uppkom. Onomastiken tillkom ju från början som en hjälpvetenskap som skulle betjäna forskningen speciellt i historia och arkeologi, och den här statusen har namnforskarna senare velat bli av med – och det med all rätt. När man senare har betonat onomastikens självständiga väsen som en egen vetenskap har man ibland olyckligt nog också tagit avstånd från språkvetenskapen. Man kan dock på goda grunder säga att namnforskningen har haft nytta av och kunde ha ännu mera nytta av att i högre grad utnyttja de teoretiska perspektiv och metoder som används i språkvetenskapen.

Ny finsk namnforskning har på ett bra sätt lyckats utnyttja perspektiv från kognitiv lingvistik och konstruktionsgrammatik. I detta sammanhang bör framför allt Paula Sjöblom nämnas, som har forskat i finländska företagsnamn (*Toiminimen toimenkuva. Suomalaisen yritysnimistön rakenne ja funktiot*, Helsinki 2006). En av de mer nyttiga perspektiven i kognitiv lingvistik är betydelsecentreringen, det vill säga uppfattningen om att ett språkligt uttryck förutom en form alltid har en betydelse. Viktiga är också uppfattning-

arna att ett uttryck är prototypiskt, betydelsen föränderlig, dvs. polysemisk, språket metaforiskt och gränserna mellan de semantiska kategorierna diffusa.

Av de språkvetenskapliga inriktningarna är det utan tvekan sociolingvistik som under den senaste tiden mest har påverkat namnforskningen. Inom ortnamnsforskningen har man undersökt åtminstone namnbruk, namnkunnande, variation och namnförändringar, och för personnamns del har man undersökt variation i namnens popularitet, kriterierna för val av namn och tilltalsnamns funktion. En ny och efterlängtd dimension är den folklingvistiska eller den perseptuella lingvistik som nyligen har kommit upp jämsides med socioonomastiken. Syftet med folklingvistisk forskning är att studera hur medvetna vanliga människor är om namn och språk i deras omgivning, vilket namn- och språkbruk de har och hur olika värderingar och attityder relaterar till språkmedvetenhet.

Namnen är förutom en del av språket också en del av det omgivande samhället och den omgivande kulturen. Av den här orsaken är det naturligt att namnen har varit forskningsobjekt också för andra vetenskapsgrenar än för språkvetenskap. Namn har undersökts åtminstone i historisk, psykologisk, filosofisk, litteraturvetenskaplig, antropologisk, folkloristisk, sociologisk, juridisk, kartografisk och geografisk synvinkel. Kanhända kan man ändå säga att undersökningarna för ofta – åtminstone ur språkvetarens synvinkel – har blivit för ytlig eller för splittrad. De bästa resultaten uppnår vi när vi förenar krafterna inom namnforskningen och en annan vetenskap och tillämpar metoderna inom båda eller inom ännu fler vetenskapsgrenar på studiet av forskningsobjektet.

Ett exempel av ett finskt tvärvetenskapligt projekt är «Förändringar i namnlandskapet i stadsdelar i Helsingfors med allt större sociolingvistisk variation» («Transformation of onomastic landscape in the sociolinguistically diversifying neighbourhoods of Helsinki»). Ortnamnen undersöks med såväl språkvetenskapliga namnforskningsmetoder som geografiska forskningsmetoder. Projektet koordineras av Terhi Ainiala och Jani Vuolteenaho. I projektet jämförs ortnamnsbruket i olika grupper i Helsingfors och vad ortnamnen betyder för sina brukare i en urbant föränderlig kontext. Föremål för undersökningen är hela det namnförråd – både officiella och inofficiella namn – som olika grupper av stadsbor använder om olika platser i sin vardagliga omgivning. Vid sidan om en dokumentation av de urbana namn som används är målet att via ortnamnen öppna en ny synvinkel på förändringarna i det finska samhället och på vardagen i en stad som blir allt mer mångkulturell.

Terhi Ainiala, Helsingfors  
terhi.ainiala@kotus.fi

## **HVILKE HOLDNINGER KAN LESES UT AV NAVNESKIFTER ETTER DEN NYE PERSONNAVNLØVEN?**

Her i landet har vi ikke noen pålitelige undersøkelser av hva slags holdninger som styrer navneskifter etter den nye personnavnloven som trådte i kraft 1.1.2003, og heller ikke for tida før det. Holdninger kommer helst indirekte fram gjennom hvilke navn det blir søkt om. I denne framstillinga vil jeg særlig legge vekt på holdninger som uttrykker tradisjon, ønske om å ha fine navn, individualisme og likestilling. De vanligste navnskiftene gjelder fjernkulturelle som bytter til andre navn fra samme kultur, og innhenting av gamle etternavn i familier med norsk bakgrunn. Mye mer sjeldent er nylaging av slike navn som mange oppfatter å være i strid med norsk navnetradisjon.

### **Kildegrunlaget**

Min bakgrunn for å kunne si noe om holdninger til navneskifter og hva som er vanlige og mindre vanlige navneskifter, er mye kontakt med folkeregistera over hele landet og med noen navnesøkere.

Folkeregistera tar kontakt for å få råd i saker som gjelder fremmedkulturelle navn, dokumentasjon for tidligere navnebruk i slekta, og om hvorvidt ønska fornavn for øvrig har tradisjon som det. Når jeg har kontakt med folkeregistera, snakker jeg også ofte med dem om andre saker de har behandla, deriblant nylaging av navn som mange syns bryter med norsk navnetradisjon. De siste kaller jeg gjerne «grensenavn».

I navnesøknader er det ikke krav om begrunnelse i andre tilfeller enn da det er ønske om navn en har tilknytning til, enten i familien eller som navn på gårdsbruk. Det kreves bare dokumentert tilknytning. Når folk ønsker å skifte til fornavn eller etternavn som ikke har tradisjon i Norge, men som kan komme i konflikt med andre navn, kan folkeregistera kreve dokumentasjon for at navnet er eller har vært i bruk et sted i verden. Det siste kan f.eks. være fornavn som er like registrerte etternavn i Norge. Søkerne blir ikke bedt om å oppgi noe som viser holdning i noen av disse søknadstypene.

I søknadsskjemaet kreves det ikke begrunnelse for å få nylaga navn. I noen tilfeller der folkeregistera er i tvil om navna bør godkjennes, ber de om flere opplysninger. Til tross for at det ikke er krav om å uttrykke sine holdninger, hender det at søkerne oppgir skriftlig eller muntlig noe som kan oppfattes som uttrykk for holdninger. Det kan skje til Folkeregisteret eller til meg. Dessuten ser vi at søkerne i noen tilfeller oppgir begrunnelser med holdninger til pressen, i tilfeller der det blir presseoppslag.

### **Typer navneskifter**

Navneskifter kan for eksempel være mulig å dele inn i typer som de seks nedenfor. Omfanget av de ulike navneendringene er ikke tilgjengelig i statistisk form. Rekkefølgen nedenfor går fra de vanligste til de mindre brukte, og bygger på mine anslag ut fra kontakt med folkeregistera.

- 1) Skifte av etternavn når folk gifter seg, f.eks. slik at tidligere etternavn blir til mellomnavn, og ektefellens etternavn blir nytt etternavn.
- 2) Navneskifter for fjernkulturelle innvandrere. Grunnene er ofte at de ikke har fått med seg de navna de ønsker når de har blitt registrert i Norge, eller det gjelder navn med eldre tradisjon i slekta, slik som omtalt ovenfor. I tillegg er det ofte på grunn av feilregistrering. Feilregistrering vil si ombytting av navnekategorier eller feilskrivning.
- 3) Skifte av mellom- eller etternavn for barn, f.eks. etter samlivsbrudd.
- 4) Innhenting av tradisjonsnavn, slik som etternavn som har vært brukt i familien, eller navn etter et gårdsbruk en har tilknytning til.
- 5) Ordinære fornavnskifter. Det er helst skifte av et navn de ikke bruker til daglig, f.eks. å skifte ut *Astrid* med *Camilla* som fornavn nummer to.
- 6) «Grensenavn», dvs. nylaga navn som blir oppfatta å være i strid med norsk og kjent utenlandsk navnetradisjon.

Nr. 3 og 5 blir ikke omtalt videre i artikkelen.

### **Holdningstyper**

Noe forenkla mener jeg vi kan skille ut tre dominerende typer holdninger bak navneskifter nå. Det er tradisjon, ønske om å ha finere navn enn andre, og individualisme. Dessuten kan vi se litt til likestilling mellom kjønna.

#### *Tradisjon*

Tradisjon kommer til uttrykk ved at folk ønsker å hente inn etternavn som har vært brukt tidligere i slekta, og ta dem i bruk som mellom- eller etternavn. Det kan dreie seg om navn helt ulikt det de har sjøl, eller det kan være en skrivemåte brukt i tidligere slektsledd. Når det gjelder skrivemåte, hender det ofte at de grunngir det med at det er den egentlige forma av navnet,

det vil si den forma som har gammel tradisjon i slekta. Et tenkt eksempel er *Kvale* (493 bærere 1.1.2006) som en kan ønske å endre til *Quale* (42 bærere).

Det viser seg ofte at det er rett at de ønska navna har tradisjon når en legger skriftspråkstradisjonen til grunn. I mange slike tilfeller viser det seg at skrivemåtene har veksla mye, og at den forma det blir søkt om, er ei av flere eldre former i familien.

Tradisjon kommer også til uttrykk ved at folk vil ta i bruk etternavn henta fra navnet på et gårdsbruk slekta har hatt eller fortsatt har, og ofte med en skrivemåte brukt i tidligere slektsledd.

Navneloven gir også mulighet for å bryte med tradisjonen, det vil si å modernisere mellom- eller etternavna eller tilpasse dem til skrivemåter som kan fungere bedre internasjonalt. Slike skifter er det forholdsvis få av. Et tenkt eksempel på modernisering er skifte fra *Langbak* (14) til *Langbakk* (82). Internasjonalisering innebærer skifte vekk fra *æ*, *ø* og *å*. Tenkte eksempler er skifte fra *Flåten* (505) til *Flaaten* (185) eller *Flaten* (969).

Ønske om å føre tradisjon videre gjelder ikke bare etniske nordmenn, men også innvandrere som har vært noen få år i landet. De kan ønske å føre videre navn som har vært brukt i familien i andre land der de har røtter. Dette kan være navn som av forskjellige grunner ikke har kommet med ved registrering i Norge. I noen slike tilfeller dreier det seg om navn som har vært i bruk i familien for flere tiår tilbake, og som har blitt tatt fra dem av politiske grunner. Grunnen til det siste kan være at myndigheter har pålagt folk å bruke andre navn enn det som har vært tradisjonen i et lokalt språk. Motivet for flukta til Norge kan nettopp ligge i den politiske undertrykkinga som navneskiftet er en del av.

Innvandrere skifter i svært få tilfeller bort navn med bakgrunn i sin kultur til vestlig- eller norskklingende navn. Noen flere tilfeller fins der de forenkler navna, enten ved å fjerne noen navn eller ved å forkorte dem.

#### *Finere navn*

Ønske om å ha finere navn enn andre innbærer gjerne skifte til navn som tidligere har vært brukt i familien. Det kan dreie seg om navn som uttrykker forbindelse med adel eller historisk kjente slekter, eller til skrivemåter som skiller seg ut fra dagens skrivemåter og på den måten får et fremmed og mindre hverdagslig preg. Det adelige kan bl.a. uttrykkes med prefiks, som *von*, *de* og *af* foran navnet. Det fremmede kan uttrykkes med bokstaver som er mindre vanlige i det norske alfabetet, som *c*, *q*, *w*, *x* og *z*. Det fremmede kan ellers være plassering av bokstaver på plasser som ikke følger dagens

rettskriving, f.eks. med bokstaven *h*, eller med ekstra vokaler, som vist med navna *Huus* (287) og *Soelberg* (98).

### *Individualisme*

Individualisme er den tredje hovedtypen holdninger her. Individualistisk holdning er dels forbundet med tradisjon på den måten at mange får framheva et eget særpreg med å ta i bruk et sjeldent navn fra tidligere slekt. Ellers kommer individualismen fram gjennom navnepåfunn, slik vi har fått presentert i pressen noen ganger etter innføringa av den nye personnavnloven 1.1.2003.

De navnepåfunna som bryter med det som av mange blir oppfatta som vanlig norsk navneskikk, kaller jeg grensenavn. I hovedsak kan de beskrives med disse språklige trekka:

- ord og uttrykk fra allmennspråket, som adjektiver, substantiv for populære ting eller fenomener, eller ord fra andre ordklasser
- ord og uttrykk fra mediene, f.eks. mediefigurer
- ordleik, f.eks. bokstavrim eller enderim

Dette er muligens den endringa med den nye loven som har fått mest oppmerksomhet. Likevel er det ikke noen utbredt skikk; det er muligens rundt femti tilfeller i året, og anslagsvis  $\frac{3}{4}$  blir innvilga. Det er helst menn i tjuåra som leverer inn slike søknader.

Det kan være mulig å dele grensenavn inn etter innhold slik:

- 1) Morsomme påfunn, dvs. kreativitet. Ofte er det flerordsuttrykk satt sammen til ett navn. Tenkte eksempler er *Kjekkoggrei* og *Godsopfå*.
- 2) Vile påfunn, f.eks. på fest. Noen slike er mellomnavna *Bånnski*, *Keikoburger* og *Kolaautomat*. Et kjent tilfelle fra Trøndelag er *Eirik Peirik Pling*, der andre enn den aktuelle bæreren hadde levert inn søknaden.
- 3) Ønske om å ha et navn som uttrykker noe en gjør eller står for, som etternavna *Hværsaagod* og *Takkskaduha* knytta til radioprogram, etternavnet *Eplet* for en eplebonde, fornavnet *Tog* for en togentusiast og mellomnavnet *Gudergod* for en predikant.
- 4) Idolnavn. Det er oftest navn fra mediene. Vi kunne tenke oss muligheten for å hete *Elvis Presley*. Noen voksne henter navn fra subkulturelle medier, dvs. navn som er kjente for få. For barn blir gjerne mer



kjente navn brukt. F.eks. har *Frodo* fra *Ringenes herre* blitt brukt noen få ganger som fornavn for gutter. Når navn fra mediene har blitt brukt i noen tilfeller, er det rimelig å regne med at de ikke lenger kan regnes som grensenavn, f.eks. *Ronja* og *My*.

- 5) Forsøk på å teste hva navnemyndighetene kan godkjenne. Mellomnavnet *Flytitter* kan se ut til å være et slikt tilfelle, ut fra mediepresentasjonen. Andre har også uttrykt dette i forbindelse med søknader, enten overfor folkeregistera eller i media.

Flere av navna i type 1 og 3 er forholdsvis snille og kreative, slik at en kan oppfatte det som et ønske om å gjøre omgivelsene litt mer fargerike. Det kan være uttrykk for en originalitet som en ønsker å gjøre inntrykk med, kanskje som et sjekketriks. Rett nok er meningene klart delte om hvor brukbare disse navna er, ikke minst fordi det bryter med hva som blir oppfatta som navnetradisjon.

For bærerne vil navn fra alle gruppene ovenfor kunne være til ulempe når de skal søke jobb, sjøl om nok mange navn ikke vil være det. Når noen motiverer sine søknader ut fra et forsøk på å teste myndighetene, fraskriver de seg et ansvar for eget navn, som myndige personer i hovedsak bør kunne ta sjøl.

### *Likestilling*

Som nevnt i åpningen kan vi se litt til likestilling. Dels er det en holdning som vi har sett gjennom ektefellers navnevalg også tidligere, og det er ca. 20 % av de gifte kvinnene som beholder sitt tidligere etternavn som etternavn, mens rundt 45 % lar det bli mellomnavn (Noack og Wiik 2005). Omkring halvparten av dem som etablerer faste parforhold i tjuåra, blir nå samboere (anslag på grunnlag av flere SSB-statistikker). Det kan se ut som de stort sett beholder sine etternavn (anslag på grunnlag av stikkprøver). Summen av dette blir muligens rundt 60 % av gifte og samboende kvinner som har beholdt sitt etternavn som etternavn. For barn ser de tradisjonelle kjønnsrollemønster ut til å være mer opprettholdt enn dette. En holdningsundersøkelse gjennomført i 2003 viste at ca.  $\frac{3}{4}$  enten ville gi barna bare farens etternavn eller i tillegg moras som mellomnavn (Wiik 2005).

Den nye loven har åpna for å uttrykke likestilling gjennom doble etternavn og mellomnavn. Det innebærer at ektefeller eller samboere kan ha samme doble etternavn med bindestrek, at begge kan ha samme mellomnavn, eller den ene eller begge kan ta i bruk mellomnavn fra den andres etternavn. Dette gjør det også mulig for barn å få dobbelt etternavn med

bindestrek etter sine foreldre. Disse variantene ser ut til å være tatt noe i bruk, antakelig noen tusen, og antakelig mest i de store byene.

### **Mer om navnetypene ovenfor**

Tidligere har jeg skrevet mer detaljert om eksempler og regler for norske tradisjonsnavn og om grensenavn, i Utne 2004 og Utne 2005a. Der er det også referanser.

Innvandrerens ønske om å hente inn tradisjonsnavn har jeg bl.a. skrevet om i artikkelen Utne 2005b, særlig s. 85–87.

### **Avslutning**

Navneskifter gjennomført med den nye personnavnloven mener jeg særlig viser at søkerne har ønske om tradisjon eller individualisme. Tradisjon kommer til uttrykk både hos innvandrere og hos folk med norsk familiebakgrunn. Individualisme kan vi se uttrykt gjennom innhenting av gamle etternavn fra familien og gjennom de forholdsvis få tilfella som fins med nylaging av navn.

### **Litteratur**

- Noack, Turid og Kenneth Aarskaug Wiik. 2005. Navnevalg ved giftermål. Likestillingens siste skanse? *Samfunnsspeilet* 5/2005, s. 2–8. [www.ssb.no/ssp/utg/200505/01/](http://www.ssb.no/ssp/utg/200505/01/)
- Utne, Ivar. 2004. Fine gamle etternavn – to år etter. *Nytt om navn* 40, s. 9–13.
- . 2005a. Grensesprengende navn. *Nytt om navn* 41, s. 23–29.
- . 2005b. Innpassing av nye navnekulturer i det norske folkeregistret. *Namn og Nemne* 22, s. 75–96.
- Wiik, Kenneth Aarskaug. 2005. Hva skal barnet hete? Det blir gjerne fars etternavn. *Samfunnsspeilet* 6/2005, s. 2–6. [www.ssb.no/ssp/utg/200506/01/](http://www.ssb.no/ssp/utg/200506/01/)

Talopplysninger i parentes bak etternavn gjelder antall bærere i Norge den 1.1.2006, ifølge Statistisk sentralbyrå, [www.ssb.no/navn](http://www.ssb.no/navn).

Ivar Utne  
ivar.utne@nor.uib.no

## ETTERNAMNSTYPAR OG REGIONAL TILHØYRSLE

Dersom me slår opp i *Nynorskordboka*, finn me denne definisjonen av omgrepet *region* som gjeld temaet for denne artikkelen: «geografisk område, distrikt, trakt ...». Sidan den geografiske utstrekninga av ein region etter denne definisjonen er nokså uklar, vel me ei romsleg tyding for best mogleg å kasta lys over samanhengen mellom typar etternamn og regional tilhøyrslse.

Etter den svenske namnegranskaren Modéers meining skulle Norden vera «en namngeografisk enhet» (sitert etter Nedrelid 2002 s. 117), ein karakteristikk som Gudlaug Nedrelid sluttar seg til, men med ein meir nyansert påfølgjande kommentar: «Dei store namnegruppone er langt på veg dei same i Norden, patronym, geografiske namn og andre tilnamn av ulike slag, men fordelingi mellom dei ulike typane skifter frå land til land» (Nedrelid 2002 s. 117). Dersom me skil ut etternamna som ei eiga gruppe, stemmer korkje Modéers eller Nedrelids karakteristikk særleg godt. Det er nok å visa til at folk flest utan noka form for onomastisk kunnskap nokså greitt plasserer nordiske etternamn i sine respektive land. Ei slik regional heimfesting eller tilhøyrslse lèt seg også grunngje fagleg.

Det norske etternamnstilfanget skil seg klarast ut frå det svenske og noko mindre klart frå det danske, slik ein også kunne venta ut frå norsk historie. Dei dominerande typane etternamn i Noreg er opphavlege gardsnamn og sekundærpatronym med suffikset *-sen*. Om lag ¼ av alle nordmenn ber eit patronym som etternamn av typen 1. *Hansen* (57 782), 2. *Johansen* (53 684) og 3. *Olsen* (53 623), medan dei aller fleste andre, d.e. om lag 70 %, ber eit gardsnamn som etternamn, med 14. *Berg* (18 543), 15. *Haugen* (14 708) og 16. *Hagen* (14 427) på topp i 2005.<sup>1</sup>

Dei dominerande svenske namnetypane er patronym med suffikset *-son* (1. *Johansson*, 2. *Andersson*, 3. *Karlsson*), dei toledda borgarlege namna (20. *Lindberg*, 23. *Lindström*, 24. *Lindgren*) og namn av tysk type eller opphav. I svenske patronym er det klar overvekt av genitivsmarkering med *-s-* i komposisjonsfugen (*Johansson*, *Karlsson*), medan tilsvarande norske patronym i ei fornorska form med suffikset *-son* i staden for *-sen* sjeldnare markerer genitiv i fugen (*Johanson*, *Karlson*). For nordmenn vil patronym med bokstavfølgja *-sson* dermed framstå som markert svenske. Dei toledda borgarlege namna av ornamental type er eit særmerkt trekk ved svensk namnetilfang som saknar parallell i norske etternamn.

Dei to dominerande svenske typane etternamn markerer geografisk og nasjonal tilhøyrslse, på same måten som den dominerande norske typen

<sup>1</sup> Nummereringa er henta frå frekvensstatistikken.

etternamn, nemleg gardsnamn, markerer norsk opphav. Når vi legg til at typen yrkesnamn aldri oppstod på norsk grunn, men følgde med innvandra slekter, vart også denne namnegruppa mindre vanleg i det norske namnelandskapet enn i det svenske.

Noko meir flytande er grensene mellom norske og danske etternamn, som også Nedrelid kjem inn på: «... det er vanskeleg, ofte umogeleg, å avgjera om eit namn er spesifikt norsk eller dansk» (Nedrelid 2002 s. 117). Så vanskeleg å avgjera opphavet vil det likevel ikkje vera i eit klart fleirtal av etternamn av gardsnamntypen, med dei fleste som markørnamn, av typen 15. *Haugen* og 28. *Moen*. Andre vil mindre tydeleg avsløra geografisk opphav, som 22. *Dahl* og 24. *Lund*. Ulike kategoriar namn av tysk type er meir synlege i dansk namnetilfang enn i norsk, som *Schultz* og *Schrøder*. Den største skilnaden mellom dansk og norsk namnetilfang ligg ikkje primært i typar etternamn, men i strukturen i namnetilfanget med den påfallande dominansen av patronym i dansk. Mellom dei 50 fyrste etternamna på den danske statistikken finst 42 patronym mot 33 på den norske, og talet på patronymberarar er langt større i Danmark: 1. *Jensen* 297 857, 2. *Nielsen* 292 314.

Særeigne norske patronym på *-sen* finst, men dei er få og talet på berarar er lite (*Kittelsen* 655, *Aanensen* 457), og det same gjeld for særeigne danske patronym (*Tjellesen* 110, *Siemsen* 69).

Dersom me strekkjer tydingsinnhaldet i *region* så vidt som til landa Danmark, Noreg og Sverige og påviser fleire typar markørnamn av ulik signalstyrke, kan me også dra inn den regionale tilhøyrsla som norske etternamn i Amerika avslører. Då norske utvandrarar på slutten av 1800-talet skreiv seg til protokolls i det amerikanske byråkratiet med sine innførde etternamn av gardsnamntypen, signaliserte dei tilhøyrsla både til det nyetablerte farmarsamfunnet og det bondesamfunnet dei drog frå. Det trengst sterk språkleg og kulturell støtte i eit *settlement* i staten Wisconsin for å halda fast på norskspråklege etternamn med så store avvik frå engelsk fonologi som *Ildjarnstad* (Valdres) og *Bjermeland* (Møre). Ei varsam amerikanisering som *Guggedal* (Suldal) til *Gudgedahl* og *Hanakam* (Suldal) til *Hankom* ville ikkje dekkja heilt over eit norsk opphav. Desse typane etternamn avslører norsk opphav i skandinaviske settlement, og for norske nybyggjarar vil dei dessutan vera vitnemål om det lokalsamfunnet dei kom frå (Valdres, Møre, Suldal). Slik sett vil namna ha ei regional tilhøyrsla i to verdsdelar.

I den reviderte lov om stadnamn er det en del endringer i forhold til den gamle lovteksten. Bakgrunnen for endringene i lova er at en har ønsket å forenkle saksbehandlinga i navnesaker, og rette opp en del formuleringer. Noen av de største endringene i lova er at Statens kartverk nå er vedtaksinstans for de fleste navna som ikke kommunen skal vedta. Kartverket har også fått et større koordineringsansvar i navnesaker, og vi i Stedsnavntjenesten skal nå gi kun ei tilråding istedenfor to i navnesaker (det siste gjelder ikke samiske og kvenske navn, som fortsatt skal ha to tilrådinge). Kommunen har fortsatt ansvaret for at alle navnesaker kommer på høring.

En annen svært viktig endring med den nye lova er at den har fått en formålsparagraf som slår fast at formålet med lova er å ta vare på stedsnavna våre som kulturminne: «*Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.*» Paragrafen slår også fast at lova skal sikre «*omsynet til samiske og kvenske stadnamn i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar og konvensjonar*». Det er ikke uten betydning for oss i Nord-Norge.

Det er flott at kommunen jobber med stedsnavn og informerer om det. Behovet for nye navn og gjennomgang av eksisterende navn er ikke ubetydelig i en kommune med stadig utbygging og voksende befolkning, og helst burde ressursene til navnearbeidet mangedobles. Vi tar gjerne stedsnavna for gitt, men navn er ikke noe som i særlig stor grad kommer av seg selv i et moderne samfunn. I de fleste tilfeller blir nye navn funnet fram til av kom-

munen, og også skrivemåten av gamle adressenavn vedtas av kommunen. Da er det også på sin plass at lokale organisasjoner får mulighet til å uttale seg. Trolig har kommunen satt av altfor lite ressurser til et område (stedsnavn) som det dessverre er altfor lite fokus på, men som like fullt har stor betydning for de fleste. Jeg tør håpe på at de ansvarlige i Tromsø kommune snart setter seg ned og leser lov om stadnamn, og begynner å følge riktig saksgang i navnesaker.

Astrid Sann Evensen  
astrid.sann.evensen@hum.uit.no

NORNA

### DEN FJORTENDE NORDISKE NAVNEKONGRESSEN

Som tidligere opplyst i *Nytt om namn* blir Den fjortende nordiske navnekongressen arrangeret 10. –14. august 2007 i Borgarnes i Island. Örnefnastofnun Íslands er nu blevet forenet med flere andre instituter i det som nu hedder Stofnun Árna Magnússonar í íslenskum fræðum med Vésteinn Ólafsson som leder. Det nye institut (Navneafdelingen) har overtaget forberedelserne til kongressen sammen med Nafnfræðifélagið. Forberedelserne går som planlagt. Vi fik 70 påmeldinger fra alle nordiske lande plus England, Holland, Schweiz og USA, med 45 foredrag. Yderligere information vil blive sendt ud til deltagere i januar–februar 2007.

Svavar Sigmundsson  
svavar@hi.is

Frå NORNA-utsendinga 29. september 2006 saksar me desse tilleggsopplýsingane (sjå [www2.sofi.se/NORNA/NORNA.html](http://www2.sofi.se/NORNA/NORNA.html)):

«Kongressen äger rum i **Hótel Borgarnes** ([www.hotelborgarnes.com](http://www.hotelborgarnes.com)) med ankomst fredag den 10 augusti till och med tisdag 14 augusti (exkursion och resa till Reykjavík). Borgarnes ligger 74 km norr om Reykjavík. Man kan ta dit med buss från Reykjavík: [www.bsi.is](http://www.bsi.is). Tidtabell för sommaren 2007 föreligger inte ännu.

Vi har bokat kost och logi i Hótel Borgarnes i enkelrum eller dubbelrum, se nedan. Kostnader för enkelrum är 615 euro, och för dubbelrum 485 euro,

för fyra övernattningar samt alla måltider från lördag morgon till tisdag morgon, inkl. festmiddag. En mindre konferensavgift, ev. 30 euro, per deltagare är en möjlighet. Vi väntar fortfarande på svar från instanser där vi sökte bidrag för specifika kostnader.»

FN-NYTT

### FN-KONFERANSE I AUGUST

Den niande FN-konferansen om normering av stadnamn skal haldast ved FN-hovudkvarteret i New York 21.–30. august 2007. Dagen før konferansen og dagen etter, altså den 20. og 31. august, vert den fjortande sesjonen til UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names) halden. Både konferansen og UNGEGN-sesjonen fylgjer faste prosedyrar, samstundes som det vert lagt vekt på å drøfta den globale utviklinga når det gjeld normering og bruk av stadnamn. Ei presserande oppgåve er å hjelpa utviklingslanda med å byggja opp apparat for forvaltning og bruk av stadnamn. Omsynet til minoritetsspråk spelar ei viktig rolle i arbeidet.

BH

ANNA MELDINGSSTOFF

### GUSTAV ADOLF-PRISEN TIL GULBRAND ALHAUG

Professor Gulbrand Alhaug ved Universitetet i Tromsø har fått Gustav Adolf-prisen for den mangeårige innsatsen sin innanfor personnamngransking. Prisen, som er på 40 000 svenske kroner, vart overrekt på Gustav Adolfsdagen 6. november 2006 på Uppsala slott. I grunngevinga frå Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur heiter det at Gulbrand Alhaug har fått prisen for «hans perspektivrika och samhällsorienterande författarskap om personnamn». Redaksjonen av *Nytt om namn* ynskjer pristakaren til lukke.

## DOKTORDISPUTAS I NAMNEGRANSKING I BERGEN

Fredag 3. september 2006 forsvara cand.philol. Roger Lockertsen avhandlinga *Namnet på byen Trondheim. Ei språkhistorisk og faghistorisk tilnærming*. Opponentar var Vibeke Dalberg, Magnus Rindal og Oddvar Nes. Emnet for den oppgjevne prøveforelesinga var «Om nordiske språkhistoriske framstillingar etter 1945. Ei pedagogisk og språkteoretisk drøfting», medan emnet for den sjølvalde prøveforelesinga var «Historisk pragmatikk i lys av tekstar frå Dagfinn Zwilgmeyers utkast til salmebok 1944 (nazisalmeboka)». Disputasen vart òg feira med messe for den heilage St. Olav – *rex perpetuus Norvegiæ* – om kvelden i Skrudhuset i Bergen domkyrkje. Sokneprest i Uranienborg, Ralph Ditlev Kolnes, forretta.

BH

## NIDAROS-STRIDEN I FAGHISTORIA

Samandrag av doktoravhandlingi åt Roger Lockertsen

I Nidaros-striden i åri fyre 1930 var Gustav Indrebø den fremste på Nidaros-sida; Didrik Arup Seip var fremst på Trondhjem-sida. Seip meinte *Nidaros* ikkje var opphavlegt bynamn, men eit namn paven og erkebiskop Øystein sette på byen i 1172. Attved dette kyrkjelege namnet livde det opphavlege bynamnet som med åri vart til *Trondhjem* gjennom ein ljodvokster på norsk grunn. Det kom ikkje av dansk påverknad, og difor var det heller ikkje trong for nokor oppnorsking. Ei mengd døme på namnet *Trondheim* i norrøne kjeldor hadde byen som tilvising (*denotatum*) – det var bynamn, meinte Seip.

Indrebø avviste dette. Ei paveleg bispesætelist, Firenze-lista, frå so tidleg som 1120 hev namnet *Nithirosa*, og *Trondheim* er opphavleg namnet på fylki kring fjorden. At namnet *trundum* finst i eit pavelegt dokument frå 1154, forklåra kyrkjehistorikar Oluf Kolsrud med at dei norske biskopane fylgde skikken dei hadde i England og kalla seg etter umlandet eller folket, altso Trondheimen eller trønderane. Men for Roma var skikken at biskopen skulde residera i ein by. Indrebø og Kolsrud tolka namnet i pavebrevet frå 1172 til at dei i Roma då hadde fenge kunnskap um kva det røynelege namnet på byen var. Namnet *Trondheim* vart bynamn fyrst på 1400-talet, syner brev i diplomatariet – skrivne av danskar. Dei siste erkebiskopane nyttar *Trondhjem* til bynamn i kjeldor skrivne på dansk – *Nidaros* i kjeldor skrivne

på norsk. I latinen held *Nidaros* fram med å vera bynamnet. I dei eldste kjeldone er ikkje *Trondheim* bynamn, men umrådenamn, og *kaupang* er ikkje noko sernamn, men samnamn, meinte Indrebø.

Lockertsen hev granska kjeldegrunlaget for desse usemjone og drege inn nye kjeldor, soleis at me no med større vissa kann svara på spørsmålet um kva bynamn som er eldst. Dei norrøne kjeldone er stort sét yngre enn 1172, og me hev difor ikkje norrøne fundar av *Nidaros* frå tidi fyre 1172. Men kjeldor som *Morkinskinna*, *Ågrip* og *Sverre-soga* hev truleg fyrelegg som er eldre. Det same gjeld noregssoga åt Theodoricus Monachus på latin. Alle desse kjeldone frå kring 1200 hev *Nidaros* til bynamn. Seip avviste namnepåvisingane med at dei var innskot frå tidi etter 1172.

Jamvel Firenze-lista hadde fenge interpolert *Nidaros* etter 1172, hevda Seip. Granskingane åt Lockertsen av sjølve handskrifti syner at *Nidaros* er skrive med det upphavlege blekket. Dateringi til 1120 er solid, men endå viktugare er at ei ny kjelda hev kome for dagen. Firenze-lista er nemleg kopierte i ei handskrift som no finst på universitetsbiblioteket i Leiden, Nederland. Avskrifti er frå 1160. Det finst soleis tvo dokument som syner at *Nidaros*-namnet er nytta fyre 1172.

Men vart det gjort eit namneskifte ved pavehoffet i 1172? Her meiner Lockertsen at både Seip og Indrebø tok i miss. Dei bygde på eit pavebrev frå det året som i dag finst i Kassel, Tyskland, der tilskrifti er *vidrosiensi*. Men det er ikkje realhistoriske argument for at brevet er sendt til *Nidaros* og so avskrive i Sud-Tyskland. I 1930 hadde ingen granska sjølve handskrifti. Det hev Lockertsen gjort, og han er yvertydd um at skrivaren hev meint å skriva ein *v* og ikkje ein *n*. Alle andre avskrifter av dette pavebrevet finst i Frankrike, og nedteikningane av bispedøme i Vatikan-arkivet syner at *vidrosiensi* kann vera misskrift for ei mengd bispedøme der – kann henda allra helst det no nedlagde bispesætet i Vienne i Rhône-dalen.

Vatikan-arkivet vart katalogisert på 1700-talet, men mange kjeldor er no tapte etter at Napoleon tok med seg store luter av det til Paris, der mykje so kom burt. I arkivkatalogen finn me derimot ein forvitneleg notis. I yversyni yver bispedøme stend det ein merknad til oppslagsnamnet *Trondheim* med namnet på erkebiskop *Ericus* og ei uttyding um at namnet var det same som *Nidaros*. Frå og med 1192 er *Nidaros* avgjort det einaste bynamnet i den offisielle lista yver bispesæte og erkebispesæte som skulde svara peterspening, og i andre kjeldor. Erkebiskop Eirik vart innsett i Roma kring 1190 og hev då kunna forklåra pavehoffet kva som var det røynelege bynamnet, skriv Lockertsen. Konklusjonane hans er at *Nidaros* er det eldste bynamnet, og at *Trondheim* berre er umrådenamn i dei eldste kjeldone. Lockertsen hev funne eitt døme på *Kaupang* til bynamn – elles meiner han at ordet er sam-

namn i dei eldste kjeldone, sameleis som trønderane i dag ikkje brukar onnor nemning enn *byen*.

Klaus Johan Myrvoll  
k.j.myrvoll@iln.uio.no

### NAMNEKONFERANSE I SØR-AFRIKA

Names Society of Southern Africa (NSA) arrangerte Den 4. internasjonale konferansen i namnegransking i KwaZulu i Sør-Afrika 26.–29. november 2006. I innbydinga til konferansen stod det at ein kunne melda seg på med føredrag om namn reint ålment, og særleg om namnesystem og namneendringar. Det vart halde om lag tretti føredrag av deltakarar hovudsakleg frå Sør-Afrika, men òg nokre frå Botswana, Lesotho, Mozambique, Namibia, Nigeria. Frå Europa var det fire deltakarar: Willy Van Langendonck, Belgia; Antti Leini, Finland; Heinrich Löffler, Sveits og Botolv Helleland, Noreg. Sistnemnde heldt eit føredrag om tilhøvet mellom elvenamn og namn på dalar.

Arrangørane hadde nok tenkt dei skulle lokka fleire frå Europa ved at konferansen vart lagd til viltreservatet Ithala Game Reserve. Dei som kom, fekk i alle fall oppleve køyreturar mellom dei fleste ville dyra i Afrika, bortsett frå løver. At nashorn jamvel vandra gjennom konferansesenteret, tok afrikanarane roleg, medan europearane held seg på ageleg avstand.

BH

### GEOGRAFISKE NAMN PÅ MANGE SPRÅK

*Nytt om namn* kan melda om ei rykande fersk bok som bør ha interesse for alle som reiser mykje utanlands. Tittelen er *Geografiske navn i flere språk*, utgjeven på Novus forlag. Dersom ein ikkje veit at Ungarn heiter *Magyarország* på ungarsk, så får ein vita det her. Det skal koma ein omtale av boka i neste nummer av *Nytt om namn*.

BH

## NAMENKUNDLICHE INFORMATIONEN – EIT INFORMATIVT TIDSSKRIFT

Eit namnefagleg tidsskrift som har lang tradisjon i Tyskland, er *Namenkundliche Informationen*. Det kjem ut i Leipzig og er redigert av Ernst Eichler, Karlheinz Hengst og Dietlind Krüger. Det fyrste nokså tunne og enkle nummeret kom i 1964. Det er altså tale om eit skrift som fram til 1989 vart gjeve ut i det tidlegare DDR. I seinare år har tidsskriftet vakse i omfang, og dobbeltnummera 85/86 og 87/88 har høvesvis 421 og 467 sider – det dreiar seg med andre ord om nokså tjukke bøker med eit imponerande stoffutval. Nr. 89/90 kjem på nyåret i 2007. Innhaldet er ordna i bolkar: A. Artiklar, B. Meldingar og nye utgjevingar, C. Tidsskriftoversyn, D. Rapportar, minneord og jubilarar, E. Meldingar. Det aller meste av artikkelstoffet er på tysk, men med engelske samandrag. Innhaldet viser at redaktørane er godt orienterte kringom i den onomastiske verda. Dei viktigaste utgjevingane på den nordiske fronten ser ut til å vera fanga opp, og redaksjonen er openbert mottakeleg for stoff frå andre miljø. Det kan svara seg å fylgja med i denne skriftserien.

BH

### ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

#### FORSKJELLIGE ASPEKTER VED NAVN

Det er enighet om at navn har en monoreferensiell funksjon, altså at de er individualiserende eller singulariserende. Men navn har også, i større eller mindre grad, andre funksjoner og aspekter, for eksempel identitetsskapende, ideologiske og ekspressive. Det er disse andre aspektene ved navn jeg tar for meg i denne artikkelen, for å se hvordan og i hvilken grad de er til stede i forskjellige typer navn.

#### **Det identitetsskapende aspektet**

Navn er identitetsskapende på to måter. Eller kanskje er det riktigere å si at man kan dele dette begrepet i to, og si at navn er identifiserende og identitetsskapende. For det første skiller de ut en person, en båt eller et hus i forhold til andre personer, båter og hus. Navnet gjør at vi kan identifisere dem og finne ut hvem de er rent praktisk, på samme måte som vi kan identifisere en bil ut fra bilnummeret. For det andre er navnet med på å skape en identi-



tet, i betydningen et selvbilde og en livsstil. Denne identitetsskapende siden er mer enn bare å være singulariserende eller utskillende, som vi skal se nedenfor.

Når det gjelder personnavn, er de vel i utgangspunktet uttrykk for foreldrenes/navngiverens identitetsskaping mer enn navnebærerens. Foreldre kan vise sine synspunkter og livsstil gjennom hva slags navn de gir barna sine. For eksempel kan de gi uttrykk for tradisjoner og tilhørighet til familien ved å kalle opp barna etter familiemedlemmer eller gi uttrykk for nasjonalfølelse ved å gi barna norske navn. Men når man blir eldre, kan man i større grad vise sin identitet med sitt eget navn ved for eksempel å bytte navn, å bruke ett av sine fornavn fremfor et annet hvis man har flere, ved å ta sin ektefelles navn, eller, slik mange kunstnere og artister gjør, ta i bruk et kunstnernavn.

Med stedsnavn er situasjonen noe annerledes. Stedsnavnene beskriver objektet eller lokaliteten som bærer navnet, og er laget for at man lettere kan orientere seg i terrenget. De er dermed mer identifiserende enn identitetsskapende. Men man kan bruke stedsnavn for å støtte opp under sin identitet, for eksempel ved å ta et gårdsnavn som etternavn, ved å si at man kommer fra Nordstrand fremfor å si at man er fra Oslo eller østkanten, eller ved å bruke samiske stedsnavn i stedet for norske i de delene av landet der det er aktuelt.

Navn på hus, hytter, båter og kjæledyr kan være identitetsskapende for navngiveren ved at de er med på å vise omverdenen hans synspunkter og etablere hans livsstil. Navnet blir en måte å uttrykke seg og kommunisere med andre på, en måte å fortelle hvem man er eller ønsker å være. Det identitetsskapende aspektet ved navn glir dermed over i det ekspressive, som blir beskrevet senere i artikkelen.

### **Det gruppedannende aspektet**

På hvilken måte navn er gruppedannende, kommer an på om man ser på dem innenfra eller utenfra. En familie hvor alle bærer det samme slektsnavnet og føler seg knyttet til det, vil se navnet som identitetsskapende og gruppedannende (fellesskapsdannende), mens de som står utenfor denne gruppen, vil se navnet som gruppedannende i betydningen 'identifiserende', uten nødvendigvis å ha noe forhold til det.

Personnavn kan altså være gruppedannende ved at de viser familietilhørighet. Denne tilhørigheten kan vises ved at alle i familien har samme etternavn, ved oppkalling innen familien, eller ved allitterasjon. Et gammelt eksempel på det siste finner vi i en innskrift på Blekingestenen som forteller om *Heruwulfr* som hadde sønnene *Hariwulfr* og *Hapuwulfr*. Et nyere

eksempel fra litteraturen er Anne-Cath. Vestlys bøker om Mormor og de åtte ungene, der alle ungene har navn på M: *Maren, Martin, Marte, Mads, Mona, Milly, Mina og Morten*. Det gruppedannende aspektet glir dermed litt over i det identitetsskapende, om foreldre velger å gi barnet navn som viser at det hører til i ætten.

Stedsnavn er også gruppedannende på to måter. Man kan føle tilhørighet i en gruppe (f.eks. et lokalsamfunn) ved at man er fortrolig med de samme navnene. Men stedsnavn kan også selv danne grupper av typen *Øvre og Nedre Hellerud, Nordre og Søndre Langåra, Hvaler* (fellesnavn på en gruppe øyer som alle har egne navn). Det finnes også mange eksempler på gruppering av veinavn, slik at alle veinavnene i et område er laget rundt samme tema. På Rasta utenfor Oslo heter veiene i ett område *Perstunet, Pålstunet, Espentunet, Huldretunet, Trolltunet, Nissetunet, Eventyrveien* m.fl.

### **Det ideologiske aspektet**

Dette aspektet glir igjen over i det identitetsskapende. Foreldre kan ut fra sine ideologiske overbevisninger gi barna sine religiøse navn, norske navn eller navn etter forbilder. Men noe som er viktig å nevne her, er at selv om et barn får for eksempel et kristent navn, trenger det ikke bety at foreldrene har tillagt navnevalget en slik betydning. Kanskje syntes de bare det var et pent navn, kanskje var de ikke klar over at navnet opprinnelig har hatt en religiøs betydning. For å vite om et navn har en ideologisk side, må vi vite hvorfor det ble gitt.

Husnavn kan også gi uttrykk for ideologi. På slutten av 1800-tallet fikk mange av villaene på Nordstrand norrøne og nasjonalromantiske navn, eller navn som fremhevet villalivets ro i kontrast til det hektiske livet i byen.

Stedsnavn er en arena for å fremheve verdier og ideologier for dem som har makt til å få fastsatt *sine* navn. Eksempler fra Norge er navneskiftene *Kristiania* → *Oslo* og *Trondhjem* → *Nidaros* → *Trondheim*, som har bakgrunn i nasjonalfølelse og nasjonsbygging. Et annet viktig eksempel er de samiske og kvenske stedsnavnene som har blitt byttet ut og fornorsket, og som bare de siste årene har fått samme status som norske navn i det offentlige. Og i denne sammenheng kommer igjen det identitetsskapende og gruppedannende ved navn inn i bildet: For minoritetsgrupper som samer og kvener har det mye å si for selvfølelsen og identiteten om deres stedsnavn blir offentlig godkjent og brukt, eller om de blir rensket ut og oversatt.

### **Det emosjonelle aspektet**

Når det gjelder det emosjonelle aspektet ved navn, er vel klengenavn og kjælenavn det første man tenker på, ettersom de i stor grad er gitt ut fra

negative eller positive følelser (selv om de også kan være gitt for eksempel for å skille mellom to personer med samme navn). Navn kan ha emosjonelle sider ved at de vekker følelser og assosiasjoner, for eksempel hvis man oppkaller et barn etter noen man er glad i, kaller hunden sin *Trofast*, kaller opp båten sin etter et familiemedlem eller gir hus og hytter navn som *Fredheim*. Positive følelser vekker også veinavn som *Hyggeveien* i Oslo.

Navn kan ha hatt emosjonelle sider som ikke lenger er til stede, f.eks. opprinnelige kjæle- og kallenavn som vanlige språkbrukere i dag ikke kjenner betydningen av, eller som ikke lenger oppleves som kjæle navn, men som vanlige døpenavn. For eksempel *Ragna*, som opprinnelig er en kortform/kjæleform for navn på *Ragn-*, eller *Arne*, som er kortform av navn på *Arn-*.

### **Det ekspressive aspektet**

Det ekspressive aspektet ved navn, hva de er uttrykk for, har jeg vært innom under flere av de andre punktene. Et barns navn kan være uttrykk for foreldrenes holdninger og synspunkter, et husnavn eller et båtnavn kan være uttrykk for eierens meninger eller forhåpninger til opplevelser i huset eller båten. Stedsnavn har vel i liten grad en ekspressiv side, men gårdsnavn kan nok i større grad ha det. De ble ofte gitt av gårdens naboer og ikke av dem som bodde der, og det finnes mange eksempler på nedsettende gårdsnavn, som *Pukerud*, *Pina* eller *Helvete*. Gatnavn kan være uttrykk for hvem man setter høyt i samfunnet, hvem som får gater oppkalt etter seg. Dette glir igjen over i den ideologiske siden ved navn.

### **Det rituelle aspektet**

Det rituelle ved navn ligger vel mer i det faktum *at* de blir gitt og måten de blir gitt på, mer enn i selve navnet. Personnavn blir gitt ved dåp eller et lignende rituale (i hvert fall her i landet). Bytte av navn ved ekteskap kan vel sies å være rituelt; man markerer at man har stiftet en ny familie. Oppkalling av barn er rituelt, i hvert fall hvis det er fast praksis. Eksempel på rituell tildeling av klengenavn er russetiden, der alle skal ha et eget russe navn skrevet på lueskyggen. Navnet blir bestemt på forhånd av klassekameratene, og blir «offisielt» tildelt ved et dåpsrituale, «russedåp». Større båter blir gjerne døpt ved at man knuser en flaske mot skipssiden. Stedsnavn i form av gatnavn, kommunenavn, fylkesnavn osv. er også gitt ved et slags rituale, nemlig offentlig vedtak. Om det rituelle er en side ved selve navnet eller navngivingen, er vanskelig å si. Man kan kanskje si at den rituelle siden ved f.eks. navnet mitt er at det ble gitt ved dåp, at det er et resultat av en rituell handling.

### Det poetiske/estetiske aspektet

Navn kan ha en estetisk eller poetisk side, ved at man gir barn, dyr, hus og båter navn man synes er pene, uten nødvendigvis å legge mer betydning i dem. Veier kan oppkalles etter litterære personer eller gis blomsternavn (noe som gir positive assosiasjoner, jf. det emosjonelle aspektet), og barn kan få navn etter personer fra bøker eller sanger foreldrene liker, som navnene *Ronja*, *Birk* og *An-Magritt* fra litteraturen og *Mary Jane* etter sangen med samme navn (også navnet på kjæresten til Spiderman). Alle navnene gir mange treff ved søk på internettssidene til Statistisk sentralbyrå.

Under det estetiske og poetiske er det vel også relevant å trekke inn søskenflokker der alle barna har navn på samme bokstav (jf. eksemplene under avsnittet om de gruppedannende sidene ved navn).

### Det humoristiske aspektet

Eksempler på humoristiske dyrenavn er katten *Pusifer* og hunden *Taxi*, og det finnes sikkert mange andre eksempler, både innen dyrenavn og navn på båter, biler, hytter osv. Det humoristiske aspektet er nok tilstede i slike navn i mye større grad enn i personnavn, ettersom de skal godkjennes av folke registret og ikke være til belastning for barnet som får navnet. Men det finnes eksempler: Min tipp-oldemor fikk navnet *Anne Petrikke* fordi hun ville fått navnet *Peder* hvis hun ble en gutt, og *Petrikke* = «Peder ikke», hun ble altså ikke en Peder. Jeg vet også om en jente som heter *Ane-Rikke* (= «aner ikke»).

De nedsettende gårdsnavnene som ble nevnt under det ekspressive aspektet, må vel også kunne sies å ha et humoristisk aspekt, i likhet med navn som *Kjerringræva* og *Møkkalassa* (skjær i Oslofjorden).

### Avslutning


De forskjellige aspektene ved navn glir, som vi har sett, over i hverandre, og det kan være vanskelig å trekke helt klare skiller mellom dem. Det finnes sikkert flere andre aspekter man også kunne trekke frem. De forskjellige aspektene er til stede i mange forskjellige typer navn, men ikke i like stor grad. Det er vel heller ikke overraskende, ettersom det er stor forskjell på navneobjektene, måten de får navnene sine på, og graden av offentlig innblanding.

Line Lysaker Heinesen, Oslo  
lysakerl@yahoo.no

## EIKROL ELLER EKROLL?

I Engesetdalen i Skodje kommune i Møre og Romsdal ligger ti gårder som i Kartverkets sentrale stedsnavnregister er normert *Eikrol*. Ut fra opplysningene i *Norske Gaardnavne* (XIII s. 164) og den vanligste traderte uttalen /"eikrol/ er det nærliggende å slå seg til ro med at navnet er en sammensetning av gno. *eik* f. 'eik' i genitiv og gno. *hóll* m. 'rundaktig høyde'. Rygh bygger sin konklusjon bl.a. på eldre skriftformer som <Eickroll> og <Eicke-roll> 1617, <Indre Eichrol> 1723, og mener navnet fra gammelt av ble uttalt med diftong i førsteleddet. Han finner at denne oppfatningen støttes av intervjuer han foretok under arbeidet med NG på slutten av 1800-tallet. Jeg vil likevel forsøke en annen mulighet, nemlig at førsteleddet er gno. *ækra* f. 'ekre'.

Eikrol/Ekroll ligger på en langstrakt høyde i den midtre østre delen av Engesetdalen og har en lang og relativt bratt sydhelling mot Engesetdalsvatnet. På baksiden av haugen mot nord, mot Lasshaugåsen, mot Grasdalen og Grasdalsfjellet, også kalt Høgberget, er det en liten dal eller fordypning i terrenget som går parallelt med Engesetdalen. Derved får terrenget form av en langstrakt haug med de lengste og bratteste bakkene mot syd, vest og øst, men også noe unnabakke mot nord før utmarka reiser seg mot fjellet. Fra bunnen av bakken i vest til bunnen av bakken i øst er det 1,2 km og nord/syd ca. 0,4 km horisontal avstand. Høyeste punkt ligger ca. 121 m.o.h.



Det hevdes at det opprinnelig var kun ett gårdsbruk på haugen, og at dette gårdsbruket over tid er blitt delt i flere mindre. Indre og Ytre Eikrol har hvert sitt matrikelnummer (62 og 63). Som et naturlig skille går det en liten tversgående fordypning i terrenget, men ikke større skille enn at det hele etter min mening må oppfattes som en sammenhengende forhøyning. At sisteleddet er *hol*, gno. *hóll* m. 'høyde', kan det være enighet om.

### Det reale grunnlaget

Når det gjelder det reale grunnlaget for førsteleddet, er det funnet store fururøtter som viser at der har vært kjempeskog av furu, men det er aldri blitt registrert noe som tyder på eik. Det er ikke påvist spor av eik på Eikrol/Ekroll så langt jeg kjenner til. Sunnmøre ligger også i grenseland for naturlig utbredelse av dette treslaget, i alle fall de siste 2500 årene. Dette beviser naturligvis ingen ting, men er en indikasjon på at eik-teorien kan ha en svakhet. Korn er derimot blitt dyrket i lang tid tilbake.

### Uttalen

Etter lov om stadnamn skal det legges stor vekt på uttalen når skrivemåten av et navn skal fastsettes. Man har altså gått ut fra uttalen med diftong når navnet er skrevet *Eikrol*. Den alternative uttalen /"ekroll/ med monoftong har da vært sett på som danskinspirert. På den andre siden er det heller ikke utenkelig at uttalen /"eikrol/ kan være nynorskinspirert fra den nasjonalromantiske strømmingen som gav norskdomsrørsla sterk medvind. Siden Skodje dertil er nynorsk kommune, er det naturlig at innbyggerne i Engesetdalen i dag uttaler dette /"eikrol/.

Oluf Rygh og hans medarbeidere oppsøkte helst folk på lærerseminarer og i militærforlegninger, og om *Eikrol*-navnet foretok han intervjuene ved Asker seminar (tidl. lærerskole) i 1879, av elever fra Borgund prestegjeld (opplyst av Tom Schmidt ved Seksjon for navnegransking). Av disse fikk han vite at uttalen var /"eikrol/, men det er blitt meg fortalt av «de gamle» at uttalen /"eikrol/ begynte de først med på Indre Eikrol i begynnelsen av 1900-tallet, mens det på Ytre fortsatt ble uttalt /"ekroll/. I hele min oppvekst hørte jeg ikke annet enn at de på Indre Eikrol sa «eik-», mens de på Ytre Ekroll sa «ek-». Uttalen Rygh fikk høre, kunne derfor være avhengig av hvem han snakket med – og kan være en usikker registrering.

### Førsteledd og etterledd

I gårdsnavn med *ekre* som førsteledd er ikke ord for høyder særlig vanlige, men de finnes, f.eks. er *Ekrhovda* i Fjell i Hordaland ett eksempel (NG XI s. 276). Selv om *eik* kan passe vel så bra som *ekre* som utmerkingsledd ved ord for høyder, ser jeg ikke på dette som noe avgjørende argument. I kommunene Molde og Stordal i Møre og Romsdal finnes *Ekre* (eller i bestemt form *Ekra*) både som stedsnavn og familienavn. I Volda finnes en haug som nå er bebygget med bolighus, men der det for mindre enn hundre år siden lå tre gårder. Eldre folk jeg har snakket med i Volda, minnes at denne haugen ble kalt for *Ekrollabakken*, og de mener uttrykket kommer av *åker/ekre*.

### Parallele navn?

Jeg kan ikke unnlate å nevne at *Eikerol* finnes et annet sted også, nemlig i Ytre Holmedal i Sunnfjord, uttalt /"eikarol/ (NG XII s. 269). Rygh har ført det opp med henvisning til vårt navn. Det samme gjelder visstnok *Eikjol* i Kråkstad i Akershus. Disse kan kanskje tas til inntekt for eik-teorien, men er heller ikke absolutte bevis for vårt navn.

### Eldre skriftformer

Eldste kjente skrivemåte er <Ekeroll> fra 1552 (Diplomatarium Norvegicum XII s. 789). Umiddelbart kunne man tro dette skriver seg fra *ækra*, 'ekre', men her må man ta hensyn til at det ikke var vanlig å skrive diftong midt på 1500-tallet. Jeg er enig i at det er et sterkt indisium for *eik*, men bevis er det ikke. En annen ting som taler for *eik*, er at navnet ble skrevet <Eickroll> og <Eickeroll> i 1617 og <Indre Eichrol> og <Yttre Eichraal> i 1723, men det ble også skrevet med monoftong som <Eckerem> i 1603, <Eckernes> i 1606, <Ekroll> i 1616, <Eckroell> i 1617 og <Echroll> i 1647 og 1666. Dette tyder på at en var usikker på skrivemåten, som i *Skattematrikkelen 1647* bd. 13, der <Eicheroell> benyttes på s. 111 og <Echroel> i samme bind s. 20.

### Utbredelse av skriftformen *Eikroll/Ekroll/Ekroll*

Den offisielle skrivemåten er i dag *Eikrol*, men skriftformen med monoftong har ganske stor utbredelse i historiske dokumenter og som slektsnavn. I telefonkatalogen er det oppført omtrent 150 personer med slektsnavnet *Ekroll*, 8 *Ekrol*, 14 med navnet *Eikerol*, 14 *Ekerold*, 10 *Echroll* og 4 *Eckroll*, men ikke en eneste under navnet *Eikrol*. Bortsett fra *Ekroll/Ekrol* stammer neppe alle fra Skodje.

### Konklusjon

Jeg har forsøkt å argumentere for at *Eikroll/Ekroll* kan stamme fra en sammensetning av gno. *ækra* f. og gno. *hóll* m. 'høyde'. Men jeg må medgi at det er vanskelig å avvise trenavnet *eik*, særlig på grunn av de eldre skriftformene. Min hensikt har vært å framføre de synspunkt som eldre i slekten har hevdet. Selv om de kanskje ikke hadde rett, vil jeg hevde at de hadde gode grunner for sine meninger, og at de fortjener oppmerksomhet i den videre diskusjonen.

Torbjørn Ekroll, Dilling  
tekroll@online.no

## BOKOMTALAR

**STADNAMN SOM KJELDE TIL KUNNSKAP OM LEVEVIS  
OG LANDBRUK I FARNE TIDER**

Rúna K. Tetzschner: *Nytjar í nöfnum. Örnefni í nágrenni Hóla í Hjaltadal*. Hólarannsóknin, Örnefnastofnun Íslands 2006. 146 sider.

Hólar i Hjaltadal på Nord-Island og Skálholt på Sør-Island har i hundreår vore sete for dei to erkebispestolane på Island og dermed også to av dei viktigaste kultursentra på øya. I 2002 starta det såkalla Hólar-prosjektet (islandsk: *Hólarannsóknin*), som er tenkt avslutta i 2009. Dette er ei tverrfagleg undersøking, med deltaking også frå mange universitet og høgskolar i Skandinavia og UCLA i California. Granskinga tek sikte på å kartleggje historia ikkje berre til biskopstolen, men like mykje det samfunnet som har eksistert gjennom hundreåra i det området der han ligg. I dette arbeidet kombinerer ein kunnskap frå mange fagområde, der grunnlagsmaterialet er både arkeologiske funn frå dei utgravingane som blir gjorde og skrivne kjelder og munnleg tradisjon. Den boka som blir omtala her, er den første i ein planlagd skriftserie frå Hólarannsóknin, og forfattaren, Rúna K. Tetzschner, er utdanna både innanfor arkeologi og filologi.

Som tittelen viser, er boka skriven på islandsk, men på s. 91–96 er det eit samandrag på engelsk, som presenterer hovuddraga i rapporten. Hovudtittelen er altså *Nytjar í nöfnum*, ordrett omsett *Nytte i namn*, men det gjev ikkje særleg mykje meining på norsk. Undertittelen er derimot grei: *Stadnamn i nærleiken av Hólar i Hjaltadalur*. Hovudtittelen er ikkje lett å setje om, spesielt fordi han er tvtydig, slik forfattaren forklarar på side 15 i boka (mi omsetjing):

Tittelen viser samtidig både til den nytte eller gagn ein kan ha av stadnamn som kjelder til kunnskap om farne tider og til det at dei namna som er omtala, vitnar om den nytte hjaltdølingane og andre islendingar har hatt av landet i tidlegare hundreår.

Denne forklaringa gjev dermed ei avgrensing av emnet i boka: Det er først og fremst namn som kan fortelje noko om utnytting av landet i samband med ymse slags landbruk eller fedrift som er hovudfokus i boka. Det har samanheng med interessefeltet og kompetanseområdet til forfattaren, og i boka dreg ho inn kunnskap frå både arkeologi og filologi, ettersom framstillinga i tillegg til å byggje på materiale frå utgravingar også er supplert



med ei mengd opplysingar frå arkiv og litterære kjelder. Jamvel om boka er utgjeven som første band i ein planlagd skriftserie frå Hólarannsóknin, avgrensar forfattaren seg ikkje til berre å skrive om stadnamn «i nærleiken av Hólar i Hjaltadalur», slik undertittelen seier, men ho dreg også til jamføring i stor grad inn namn frå andre delar av Island og jamvel frå Skandinavia, særleg Noreg.

For ein norsk lesar er det viktig å komme i hug at stadnamngransking på Island og i Noreg skil seg avgjerande på den måten at islandske stadnamn av historiske grunnar ikkje kan vere eldre enn landnámstida, dvs. ca. 900–1000, og at språket seinare ikkje har endra seg på ein slik måte at stadnamna av språklege årsaker skulle blitt uskjønelege. Dei fleste islandske stadnamn er derfor også lette å tolke reint språkleg: Ordformene i normalisert norrønt og moderne islandsk skriftspråk er for det meste nære på identiske, og dersom det ikkje har skjedd særskilde omtolkingar av eit namn, kan ein derfor gå ut frå at den moderne forma svarar temmeleg godt til den opphavlege namneforma. Det ein derimot sjølvsagt ikkje utan vidare kan vite, er kva for historiske realitetar som ligg til grunn for at eit særskilt namn er valt.

I boka tek forfattaren opp namn med sisteledda *staðir*, *bú*, *hóll*, *tröð* og *gerði*, med hovudvekt på det siste. Alle desse namneelementa er velkjende også her i landet; jf. *Gaustad*, *Fornebu*, *Kaldhol*, *Haugetrål/Møretrø/Smiutráal/Nytrøa*, *Lingjerde/Bugjerdet/Haugsgjerd/Øvrejorde/Hagajordet* (alle desse namna er henta – til dels med modernisert skrivemåte – frå *Norske Gaardnavne* av Oluf Rygh). Som me ser, opptrer dei to siste namneelementa i temmeleg variable former i ulike delar av Noreg, men ikkje på Island. Som namnelagingselement er dei nok også vesentleg yngre enn i alle fall *stad* og *bu*.

Orda *gjerde* og *jorde* er dessutan vanlege appellativ, som alle andre enn folk med etymologisk spesialkunnskap reknar som to ulike og kanskje jamvel uskyldige ord: Folk flest trur nok at *jorde* heng saman med *jord*, men etymologisk er faktisk *jord* og *jorde* ikkje i slekt. Både *gjerde* og *jorde* har derimot opphavet sitt i norrønt *gerði*, som også er forma i moderne islandsk. Den norrøne tydinga av *gerði* var eit jordstykke som låg innanfor ein *garðr*, og slik er det framleis på islandsk: *Garður* er eit gjerde og *gerði* er eit inn-gjerdt jordstykke. Det norske omgrepet *gard* er *bær* på islandsk, og *bær* svarar formelt til norsk *bø*; den gamle tydinga ser me m.a. i norske gardsnamn som *Nordbø*, *Midbø* osv.

Det islandske substantivet *tröð* og dei tilsvarende norske formene *trø* og *trå* heng derimot i hop med verbet *troða* (islandsk) og *trø* (norsk). Både ei

islandsk *tröð* og ei norsk *trø/trå* er altså ein stad der det blir trødd eller trakka, og dei som trakkar, er husdyra.

Forfattaren meiner elles at dei islandske namna som inneheld elementa *gerði* og *tröð*, gjeld stader der det opphavleg ikkje har vore fast busetnad, men der namnet i staden viser til mellombels bruk ein viss del av året, dels med hus på staden, som på norske setrar, dels berre ein del av innmarka der det har gått føre seg bestemte aktivitetar. Når så først namnet er etablert på ein viss lokalitet, kan det seinare gå over til å bli gardsnamn, men namn som *Sauðagerði*, *Geitagerði*, *Kúagerði*, *Kálfagerði* osv. viser til bestemte former for husdyrhald. Eit namn som *Akurgerði* viser derimot til jordbruk, nærmare bestemt korndyrking.

Ho er også inne på at etterledda *gerði* og *tröð* har hatt ei meir pregnant tyding, slik at *gerði* var inngjerdt *dyrka* område (jf. *Akurgerði*), medan *tröð* var beitemark. Men heilt frå norrøn tid har det vore vanleg å la dyrkingsjorda «kvile» innimellom; forfattaren nemner såleis at frostatingslova hadde påbod om at ein fjerdedel av åkerjorda kvart år skulle «leggjast i trø», medan ein annan fjerdedel skulle «takast or trø». Men med eit slikt vekselbruk kunne det jo nokså snart bli forvirring med teignamna, dersom den same teigen skulle ha etterleddet *-gerði* når det blei dyrka korn der, men *-tröð* når han blei brukt som brakklund eller beitemark. Ho meiner likevel at det kan påvisast at same teigen kan ha gått gjennom nett ei slik utvikling, og døma er at to *Akurgerði* er blitt til i eitt tilfelle *Akurtröð* og i eit anna tilfelle *Maríutröð*. Derimot nemner ho ingen døme på at etterleddet *-tröð* har «gått attende» til *-gerði*.

Jamvel om islandske stadnamn som sagt jamt over er «gjennomsiktige» på ein heilt annan måte enn mange stadnamn her i landet, er det nok likevel slik at stadnamn også på Island prinsipielt fungerer som reine merkelappar for ein lokalitet, utan omsyn til kva slags verksemd som går føre seg der i dag. Dette slår då også Rúna Tetschner fast i det siste kapitlet i boka, som har denne overskrifta: *Breytileg hlutverk undir föstum nöfnum*, dvs. «Skiftande oppgåver under faste namn». Eit namn som *Geitagerði* fortel dermed berre at den gongen staden fekk namnet sitt, har det vore geiter der, ikkje at geitehald har vore den einaste forma for gardsbruk som har vore knytt til staden.

Arne Torp  
arne.torp@iln.uio.no

## IVAR AASEN OM NAMN OG NEMNE

*Namnesamlingar av Ivar Aasen.* Redigert av Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset. Norsk Bokreidingslag, Bergen 2006. 208 sider.

Denne boka er niande bandet i serien Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet, serie A. Tekster. I dei tidlegare banda i serien er det i tillegg til sunnmørsgrammatikkane og *Dansk-Norsk Ordbog* gjeve ut målsamlingar som anten er geografisk eller kronologisk avgrensa. Denne gongen er turen komen til ei rekkje mindre samlingar komne til gjennom det meste av granskarlivet til Aasen. *Namnesamlingar* omfattar bolkane «Ordtøke» (Søndmørske Ordsprog 1841), «Personnamn», «Stadnamn», «Plantenamn», «Dyrenamn» og «Sexualia». I tillegg er det sist i bandet prenta rettingar til band 1–8 og 10 i denne skriftserien (s. 203–208).

*Namnesamlingar* har eit grundig føreord der redaktørane gjev bakgrunnskommentarar til kvar einskild samling. For kvar av tekstane er det så langt som råd søkt klårgjort kva kontekst dei er komne til i og kva kjelder Aasen har bygd på i arbeidet sitt. Til grunn ligg særleg Aasens eigne dagbøker med notat om kva han arbeider med og kva bokverk og kjeldeskrift han skaffar til vegar til hjelp i arbeidet sitt. I føreordet gjev redaktørane også korte omsegner om lister av namn som ikkje er tekne med i denne utgåva. Det er ein god ting, men nokre gonger kan ein sakna ei nærare grunngeving for kvifor somme av listene er utelatne. Til dømes gjeld det ei liste med ekserpt av personnamn frå 1886-matrikkelen frå Idd, Marker og Romerike (jf. s. XVII i føreordet). Her er det ikkje klårt for lesaren kvifor desse notata er utelatne.

Sett frå namnegranskingsfaget er sjølve tittelen *Namnesamlingar* litt overraskande. Ettersom verket inneheld både samlingar av ordtak, namn (personnamn og stadnamn) og nemne (plantenemne, dyrenemne og kjønnsnemningar), kunne ein tenkja seg ein annan tittel – eller i det minste eit avsnitt i føreordet der redaktørane kommenterte bruken av termen *namn*. I staden nyttar redaktørane sjølve i føreordet både *namn* og *nemne/nemningar* om ord frå dei delane av samlingane som faktisk inneheld nemne (sjå t.d. under pkt. 4.2 *Norske Plantenavne*, s. XXX–XXXV).

I ei kort melding som denne kan det ikkje lata seg gjera å gå grundigare inn på kvar einskild samling i *Namnesamlingar*. Nokre få kommentarar må det likevel gjevast plass til. I teksten «Om norske Folkenavne» argumenterer Aasen for at dei gamle nordiske personnamna, «disse Navne, som egentlig tilhøre os» (s. 25), skal vinna større innpass att på kostnad av den utanlandske namneskikken som har etablert seg. Artikkelen illustrerer svært

godt arbeidet som blei gjort på 1800-talet for å fremja namn av nordisk opphav, og burde absolutt gjevast ein plass på pensumlistar i namnegransking ved norske universitet og høgskolar. I det etterfølgjande registeret over norske folkenamn har Aasen ekserpert både eldre kjelder og matrikkelen, i tillegg til egne oppteikningar. Særleg verdfulle her er opplysningane om dialektal uttalevariasjon som gjeld personnamna.

Stadnamnsamlingane (s. 73–112) bør vera svært interessante for alle som er opptekne av namnegransking. Det må likevel nemnast at samlinga av *Søndmørske Stedsnavne* merkeleg nok ikkje inneheld opplysningar om den geografiske plasseringa namna har. Dessutan er det dunkelt kva som ligg til grunn for sjølv utvalet av stadnamn Aasen har gjort i nett denne lista. Men metodikken bak namnetolkingane Aasen gjer greie for i innleiinga si (kjennskap til norrønt språk, til eldre skriftformer av namna, kjennskap til den lokale dialekten og dessutan kunnskap om tilhøva på staden), er stadig dei sentrale i tolkinga namn. Ein kommentar må dessutan knytast til påstanden i føreordet s. XXV om at Aasens tolking av føreleddet *Os-* i namnet *Oslo* (han meiner som Peder Claussøn Friis at gno. *óss* m. ‘elvemunning’ ligg til grunn) har vore ei av dei tre viktigaste i drøftingane om tydinga til namnet. Aasens tolking av dette namneleddet har tvert om funne svært lite støtte i den faglege debatten om *Oslo*-namnet, slik denne meldaren kjenner dét ordskiftet.

Både i samlingane av personnamn og stadnamn kjem Aasens breie språkvitskaplege orientering og språkpolitiske engasjement til uttrykk. I tillegg er samlingane hans (både av ordtak, namn og nemne) ikkje bare av språkvitskapleg verdi. Dei er også rike kulturhistoriske kjelder. For alle med botanisk interesse er den flotte samlinga *Norske Plantenavne* eit lite skattkammer. Plantenemningane er ordna etter Linnés arts- og klasseinndeling, men det alfabetiske oversynet som følgjer med, gjer det enkelt å finna fram i teksten.

Slik redaktørane også skriv i føreordet sitt, er tekstane i *Namnesamlingar* med på å fylla ut biletet av korleis Aasen arbeidde, og korleis grunnmaterialet og førearbeida til dei vitskaplege verka hans ser ut. Lesaren får ein gløtt inn i arbeidsmetoden hans med ekserpering, innsamling, typologisering og omarbeiding. Som avslutning kan eg berre slå fast at farten på Aasens arbeid med ekserpering, ordning av tilfang og reinskriving av lister, artiklar og register kan gjera moderne granskarar med tilgang til alskens elektroniske hjelpemiddel reint brydde!

Åse Wetås  
ase.wetas@iln.uio.no

## ENDÅ EI POPULÆRBOK OM PERSONNAMN

Birger Sivertsen: *Navneboka*. N.W. Damm & Søn, Oslo 2006. 150 sider.

Denne boka føyer seg inn i rekkja av namnebøker som har komi dei seinaste åra. Det er ei nett bok på ikkje meir enn 150 sider. Forfattaren er Birger Sivertsen. Og dette er den andre personnamnboka hans. Den fyrste var *Fornavn. Norsk navneleksikon* (sjå *Nytt om namn* nr. 38 – 2003) som kom ut for tre år sidan. Denne boka tek i motsetnad til den førre boka ikkje mål av seg til å vera eit leksikon, men ei bok for komande foreldre. Boka er med andre ord det forfattaren har kalla ei populærvitskapleg bok. Etter eit stutt føreord følgjer den alfabetiske oversikta over gute- og jentenamn. Boka blir avslutta med eit kapittel om namnetradisjonar og eit utdrag av namnelova.

Boka er som nemnt ei bok der forfattaren vender seg åt komande foreldre, og er derfor tenkt som ei råd-og-vink-bok frå forfattarens side. Sivertsen er av den meining at namnet kan skjemme og at det derfor er viktig at foreldra vel eit namn som barnet kan leva med. Kor Sivertsen har fått det frå at eldste dotter vart oppkalla etter mormor (jf. føreordet), er meg ukjent. Det er vanleg å rekne med at det var foreldra åt faren som var prioriterte framfor foreldra åt mora, men at det kunne vera motsett i dei døma der garden gjekk gjennom mora.

I alt inneheld boka 3002 oppslagsformer av namn, fordelt på 1374 mannsnamn og 1628 kvinnenamn. Alt i alt er det fleire namn som er nemnde ettersom det under mange av oppslagsformene også er vist til andre former av namnet. Under dei ulike oppslaga er det som regel gjevi opplysningar om etymologi og av og til òg kor langt tilbake namnet er kjent. Til slutt er namnedagen ført opp for dei namna som har ein slik. Svært mykje av etymologiane ser ut til å vera kopiert frå *Norsk personnamnleksikon* slik det var gjort i den førre boka (*Norsk navneleksikon*, 2003). Dette burde Sivertsen ha gjort greie for i føreordet. Som i den førre boka blir det etter mi meining for mykje skriftformer og for få namn. Sett på bakgrunn av det rike utvalet av personnamn som har vori brukt her i landet gjennom dei siste tusen åra, kunne boka ha vori dobbelt så tjukk. Er det ikkje nettopp eit rikt utval av namn å velja i komande foreldre bør ha?

Boka har ikkje med vanlege norrøne bokstavar som *ð* og *þ*. Forfattaren grunnjev det med at boka blir lettare å forstå for dei komande foreldra på det viset. Her er det grunn til å spørja om det er lettare å skjønna teiknet for lang vokal, som er brukt ein heil del i boka, enn den stungne d-en og thorn? Svaret må bli nei, og det er vel heller grunn til å tru at det er motsett. Ei namnebok om m.a. dei norrøne namna utan dei norrøne teikna er som å

baka brød utan mjøl. Det seier seg sjølv at det vil vera svært mangelfullt. Av di dette er ei populærvitskapleg bok, skal eg ikkje gå inn på alle feil og manglar som finst, men eg vil peike på at namnet *Steffen* er kjent i denne forma alt frå 1500-talet (t.d. Åmot i Østerdalen, 1591), og ikkje frå 1700-talet, som forfattaren hevdar.

Ei samla vurdering av boka er at ho er det ho gjev seg ut for å vera, nemlig ei populærbok for komande foreldre, og som trass i mange feil og lyte kanskje kan gje nokon idear til namn.

Frode Myrheim  
frodmyr@bbnett.no

## DET SISTE NORSKE LANDNÅMET

Per Sveaas Andersen: *Det siste norske landnåmet i Vesterled: Cumbria – Nordvest-England*. Unipub forlag, Oslo 2006. 160 sider + 2 kart.

Det er velkjent at skandinavar busette seg i England i vikingtida, danane hovudsakleg i Danelagen og nordmenn i den nordvestlege delen og rundt Irskesjøen. Dette finst det mange vitnemål om, særleg er stadnamna viktige i så måte. Men det nøyaktige omfanget og geografiske utbreiinga av den nordiske innvandringa er på langt nær fullstendig kartlagd. Ei rad engelske, danske, svenske og norske granskarar har arbeidd med desse spørsmåla gjennom åra, og den nyss utkomne boka til Per Sveaas Andersen om det nordiske landnåmet i Cumbria gjev ei god oversikt over dei viktigaste aktørane i denne debatten, og då særleg dei som har arbeidd med stadnamn som kjeldemateriale. To ytterpunkt har gjort seg gjeldande i synet på kva veg det nordiske landnåmet tok, det eine representert ved svensken Eilert Ekwall, som meinte at immigrasjonen til Cumberland kom over Irskesjøen frå vest, det andre ved Gillian Fellows-Jensen, som meinte han kom frå motsett kant, frå Danelagen. Ho har særleg sett utbreiinga av *bý*-namn som uttrykk for det danske landnåmet.

Boka til Sveaas Andersen har fire kapittel: 1) «Innføring i emnet», 2) «Eldre forskning i Cumbria og Nordvest-Englands vikingtid», 3) «Det kumbriske og nordvest-engelske landskapet i vikingtiden. Stedsnavnenes vitnesbyrd. Spor av nordiske samfunnselementer», 4) «Konklusjoner». Ei relativt fyldig litteraturliste er òg med, og, som ein skulle venta, eit samandrag på engelsk (som gjerne kunne ha vore lengre med tanke på at det gjeld ei side

av engelsk historie). Til slutt er det sett opp ei liste med kartreferanse over 37 norrøne møtestader i Nordvest-England. Men eg saknar eit fullstendig namneregister med sidetilvising.

Kapittel 3 er det største og gjev mest nytt til diskusjonen. Her har forfattaren teke føre seg nokre stadnamngrupper som han kallar norrøne «sosiotoponymer», t.d. namn på *ting* (i *Thingwall*), *skeid* (i *Hesketh*) og *leik* (i *Lyking*). Desse stadnamna skal då ha representert nordiske organisasjonsformer under primærlandnåmet. Det same gjeld *quarter*, som han meiner reflekterer gno. *fjorðungr*, og dermed den eldre nordiske fjerdingsinndelinga. Forfattaren er klar over at det må arbeidast vidare med denne problemstillinga, t.d. i kva grad engelsk *ward*, *beacon* svarar til gno. *varði*, *viti*, *bákn*. Han peikar òg på at ein må skilja mellom stadnamn som var gjevne av immigrantane under det primære landnåmet og sekundære namn av norrønt opphav som etter kvart har gått inn i dei nordengelske dialektane.

Når det gjeld bunad, så er det ei upretensiøs bok me har fått i hende. Men det er ein velskriven tekst som i ei konsentrert form gjev ei kunnig innføring i diskusjonen omkring det nordiske landnåmet i Nordvest-England rundt år 900, samstundes som ein får ei sjølvstendig vurdering av arkeologisk og særleg onomastisk materiale.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## VEGNAMN I MØRE OG ROMSDAL

Peter Hallaråker: *Vegar og namn. Veg- og gatenamnleksikon for Møre og Romsdal*. Eige forlag, Volda 2006. 319 sider.

Jau, denne boka har eg sett fram til å eige. Peter Hallaråker må få ros for tiltaket sitt med boka om vegar og namn i Møre og Romsdal. For den som har interesse for namn, finn ein her opplysningar om offisiell skriftform, namneopphav, grammatisk form av utmerkingsleddet, tyding av namneledda, norrøn form, evt. stjerneform, eit framlegg til tolking av namnet og lokalfesting med vegkode (GAB-nummer), bydel eller krins, om slike opplysningar er oppgjevne av kommunen. Uttalen er vist med lydskrift etter IPA-norma (International Phonetic Alphabet). Vi finn vidare ei kort orientering om tilvisingane, ei liste over forkortingar, prinsippa for utmerking i teksten

og eit oversyn over fonetisk lydskrift. Etter det kjem ein etter måten omfattande bibliografi.

Bak i boka er det sett opp eit alfabetisk namneregister med tilvising til staden det einskilde namnet er omtala. Boka går også grundig inn på og forklarar dei ulike namngjevingsprinsippa, slik som kulturminneprinsippet, orienteringsprinsippet og temaprinsippet. I Møre og Romsdal er det utan tvil kulturminneprinsippet som har vist seg å vera hovudprinsippet ved namngjevinga av vegar og gater både i dei tre eldre byane, dei nyare byane, bygdebyane og kommunesentra.

Interessant er det òg å lesa at ein grovt sett kan rekne kvinnenamna som fråverande i fylket. Berre om lag tretti slike namn er nytta i heile fylket. Av desse namna er det berre fem kvinner som har gjort seg fortente til å få med både førenamn og etternamn. Eg finn òg oversynet om appellativbruk i namn og forklaringa av dei ymse appellativa svært interessant og ikkje minst lærerikt for ein sjølvlerd person.

I denne boka må det vera aha-opplevingar i fleng for mange med litt interesse for stadnamn. Elevar både på vidaregåande skular og på høgre nivå finn her ei skattkiste å ause av. Det er synd at enkelte kommunale kulturkontor, heile tretten stykke, ikkje har teke bryet med å senda inn namnelister eller opplysningar om namna. Det gjeld seks romsdalskommunar, fem nordmørskommunar og to sunnmørskommunar. Eg vil berre vone at dette ikkje er eit teikn på korleis tilhøva er for kulturen elles. Kanskje kommunepolitikarane kunne finne eit høve til ein prat med enkelte kulturmedarbeidarar.

Når det likevel for desse kommunane står eit kort avsnitt om veg og gate-namn, kjem det av at Peter Hallaråker har nytta inngang til andre kjelder han rår over. Det var vel det som i karakterboka mi på folkeskulen var nemnt som trott. Det har Peter vist med arbeidet sitt. Stor takk til han for det.

Korrekturfeil har eg funne, men ikkje av det heilt meningslause slaget. No vil eg berre vone at enkelte personar frå dei tretten kommunane som manglar, tek bryet med å sende inn til Volda opplysningar om dei namna som manglar i fylkesoversikta. Om ikkje for anna enn at det skal koma etterslekta til gode.

Etter å ha lese meg gjennom ein stor del av boka er eg no retteleg glad over å vera eigar av ho. Eg ser fram til å nytte boka til oppslag på einskild-namn og tolkingar av dei og vidare lese og fordjupe meg i einskildkapittel. Eg vonar mange, både elevar, lærarar og kulturmedarbeidarar, finn nytte, glede og tips når det gjeld namn og namnsetjing.

Alf Meisingset  
meialf@online.no



## MINNE UM GAMAL TRU I STADNAMN

Kåre Magne Holsbøvåg: *Tuss og troll i stadnamn. Nemningar for ymse vette i stadnamn frå Trøndelag, Nordmøre og Romsdal*. Utgjevi av Romsdal sogelag, Molde 2006. 200 sidor.

Kåre Magne Holsbøvåg skulde vera kjend for lesarane av *Nytt om namn*. Han hev gjenom åri levert mangt eit stykke til bolken «Artiklar og innlegg om namn», ein bolk av bladet som ein stundom kunde ynskt var noko større. No hev Romsdal sogelag gjeve ut hovuduppgåva hans frå 1978, der han tek fyre seg stadnamn som inneheld nemne på gamle vette, i trøndelagsfylki og på Nordmøre og i Romsdalen. Dette er eit emne han hev skrive um i *Nytt om namn* òg, seinast i nr. 41 – 2005 («*Jotunheimen, Jutulfjellet og Jutuldøra*»).

Etter tvo fyreord (frå 1978 og 2006) og ei stutt utgreiding um målvaldet kjem ein fyllug bolk um «Vettenemningar» (s. 16–48). Dette kapitlet er viktig, for som Holsbøvåg segjer (s. 16), er det «i dag innfløkt og vanskeleg å få eit greitt oversyn over nemningsbruken og kva som løyner seg attom dei ymse nemningane». Det kjem av at vetti ofte flyt i hop, eller låner drag frå kvarandre; ikkje minst gjeld det når tradisjonen er åt å løysa seg upp, som var tilfellet alt då dei tok til å skriva ned folkeminne. Attåt kann det skifta frå stad til stad kva ein kallar vettet, t.d. er *godvetre, skogsnerte* og *skogkjerring* alle nemne frå dette valdet på vettet som er vorte landskjent som *huldra*.

Velkjende er dei mange nemni på gardvettet; frå denne landsluten fører Holsbøvåg upp *gardvord, haugbu, haugbukk, haugkall, tufte(kall)* og *tuss(e)-(kall)*, attåt meir eksotiske nemne som *bobbe* og *gosse*. Det no vanlege ordet *nisse* hev han berre funne i ei segn frå Olvundeidet, men som Holsbøvåg skriv, er det helst eit litterært ord, som ikkje finst i stadnamn. «Nisse vart nytta i tradisjonen på Sørøstlandet», skriv han (s. 28), men i framhaldet ber det gale av stad: «... og ordet hadde nok kome dit frå Tyskland over Danmark». Ordet *nisse* kjem truleg av den dansk-svenske kjæleformi *Nisse* av karnamnet *Nils*, og hev inkje med den tyske St. Nikolaus å gjera (sjå artikkelen min i *Maal og Minne* nr. 2/2003). Når vettet hev fenge dette kjæle-namnet, heng det saman med det Holsbøvåg skriv um at dette var eit vette det galdt å standa på god fot med. Det forklarar òg dei mange nemni; «[d]et er nok tabunamn ein her har med å gjere», skriv Holsbøvåg (s. 31).

Fyrr me kjem til sjølve namnesamlingi, hev Holsbøvåg eit kapittel som han hev kalla «Namnegjeving» [*sic*] (s. 49–53). Den yverskrifti er ikkje heilt dekkjande, for det handlar ikkje berre um sjølve namngjevingsprosessen, men òg um bruket og funksjonen åt namni, um namnetap, den glidande yvergangen millom proprium og appellativ, bundi og ubundi form, saman-

setjingsmåte og folkeetymologiar. Eit anna tilhøve som Holsbøvåg kjem inn på, er at tvo ulike namn kann vera nytta um same staden. I Drivdalen er det ein stein som sume hev kalla *Trollet*; andre hev kalla honom *Predikstolen*. Ved Gammelsætra på Vatn i Straumsneset er det eit far i berget som sume kallar for *Munkfaret*, andre for *Jutulfaret*. Det forvitnelege her er ikkje at det finst tvo namn, men at det eine namnet finn uttyding i den gamle ovtrui, medan det andre knyter seg til kristendomen. Kann henda botnar dette skiftet av namn eller namnelekk i eit slag evfemisme, forfining av den gamle trui, men det kann òg tenkjast at det er parallelle namnelagingar som hev kome til i ulike miljø.

Gjennomgangen av stadnamni utgjer den største luten av boki (s. 54–156). Framstillingi fylgjer dei ymse vettenemni, frå namni på *Troll-*, som det er flest av, fram til *Trollkatt-*, som finst i eitt einaste namn. For kvart nemne er stadnamni bytte på fylke og herad. Dei som vil finna fram til alle namn i «sitt» herad, lyt difor ganga til registret. Attåt sjølve namnet og (oftast) tilvising til kart gjev Holsbøvåg ei uttyding av namnet, gjerne i form av ei opphavssoga, um det finst. Det er noko ulikt kor godt kommenterte namni er. Her hev tilgangen på både skriftlege og munnlege kjeldor vore avgjerande.

Det er lite å segja på dei namnetydingane Holsbøvåg gjev, men skulde eg kritisera noko, måtte det vera at han er for atterhalden med dei minst fantastiske uttydingane. Han kunde t.d. ha vore opnare for metaforisk bruk av ordet *troll*, d.e. tydingi 'vand, leid' i namn som *Trollbekken* eller *Trollkleiva*, og han kunde oftare ha rekna med jamføringsnamn, som spilar på den gamle trui, men som ikkje plent stadfester henne: Um ein stein vert kalla *Jutulen* med grunn i skapet, fyreset namnet kjennskap til fyrestellingane um jutlar, men det krev ikkje blind tru på at desse skapnadene finst.

Holsbøvåg tek med både primærlagingar og relasjonsnamn, og både eldre namn og nyare, nasjonalromantisk inspirerte namn. Det er godt, for det er ikkje alltid lett å avgjera kva som er primært og sekundært, og eit namn som ser nyare ut, kann stundom vera gamalt. Langt dei fleste namni med vettenemne er naturnamn; det er namn på fjell og dalar, steinar og skard, tjørner og vatn. Men her finst òg nokre gards- og bruksnamn. I dei fleste tilfelle sviv det då um opphavlege naturnamn, men det hender òg at dei hev vorte til som bruksnamn, t.d. gjeld det den kjende *Jutulstuggu* på Uv i Rennebu, der det er lokal tradisjon for at det budde jutlar der.

At det er ein samanheng millom etterlekkene og vettenemnet som er fyrelekk i dei samansette namni, fær Holsbøvåg godt fram i kapitlet som fylgjer etter gjennomgangen av dei einskilde namni (s. 157–171). Det er ikkje tilfellelegt at dei vanlege etterlekkane i namn på *Nykk-* er *-tjørna* og *-vatnet*. Attåt etterlekkane vert «ein del aktuelle problemstillingar drøfta», som det

heiter i baksideteksti. Det gjeld m.a. tilhøvet millom det Holsbøvåg kallar «folketru» og «fantasering»: I kva mun vitnar stadnamni med vettene mne um tru på vetti, og i kva mun botnar dei berre i fantasering kring ovringar i naturi? Og Holsbøvåg spyrr seg um det var serskilt sterk tru i strok med mange stadnamn av dette slaget.

Tankevekkjande er det Holsbøvåg skriv um namnet *Trollkyrkja*, som finst mange stader: «Det kunne ikkje vere den kristne guden dei dyrka, for dei tolde ikkje lukta av kristenmannsblod. Her viser då sisteledet kvar trolla pla samlast» (s. 158). Med andre ord hev *kyrkja* her ei meir ålmenn tyding ‘forsamlingshus’ eller ‘forsamlingsstad’ – noko å tenkja på for Bibelselskapet, som i den nye bibelumsetjingi hev bannlyst ordet *kyrkjelyd*?

Boki endar med eit stutt sluttord og listor yver litteratur, heimelsmänner og avstyttingar. Dessutan hev Holsbøvåg laga tvo fine kart yver nemne for «underjordskvinnfolket» (huldra) og stadnamn med *dverg*. Endeleg hev utgjevaren, Romsdal sogelag ved Bjørn Austigard, laga ein bibliografi yver dei prenta arbeidi åt Holsbøvåg og eit fyllugt register. Det hev vorte ei vakker bok, som ikkje minst merkjer seg ut med mange bilæte, både fotografi av mange av stadene som er umtala, og livfulle teikningar av dei ymse vetti, slik teiknarar frå det fyrre hundradåret såg deim fyre seg.

Eg trur boki hadde vunne på stramare redigering og nøgnare umarbeiding. Slik boki no ligg fyre, minner ho for mykje um hovudoppgåva frå 1978, t.d. er ordet *oppgåve* nytta gjenom heile boki. Dei nye opplysningane som er komne til, er ofte sette i parentes til slutt i avsnitti i staden for å verta innarbeidde i teksti, og ikkje eingong synberre mistak hev vorte retta upp. Eit døme på det er namnet *Bergkalløypet* i Rauma, som er oppført på s. 120, med ei mogeleg uttyding um at «ein bergkall [...] har fare ned her og laga ei slik renne». So kjem det til slutt, i parentes: «Eg har i ettertid fått vete at namnet truleg er ei misforståing av Berghall-løypet. Berget hallar jamt her.» I ei bilættekst på s. 143 kann me lesa um eit namn – *Dvergstu* i Nærøy – som ikkje er nemnt i sjølve teksti.

Holsbøvåg er stød i nynorsk, men diverre er boki skjemd av mange banale feil, og eg saknar metaspråkleg markering (kursivering) av namn og nemne – det lettast lesingi. Ljodskrifti er heller ikkje god allstad; her finst [*tre'lj:e*] og [*tre'lj`haun*] på same sida (s. 79). Vonleg kann Holsbøvåg få høve til å bøta på dette i ei ny utgåva, for dette er ei forvitneleg bok som truleg vil fengja mange lesarar som ikkje lenger hev fyrstehands kjennskap til tuss og troll, men som gjerne vil gjera seg kjende i landskapet åt den gamle folketru.

Klaus Johan Myrvoll  
klausjon@online.no

## NY BOK OM DEI SVENSKE MÅLA-NAMNA

Jan Paul Strid: *Från Mumsmålen till Duvemåla. Den svenska måla-kolonisationen under medeltiden. En toplingvistisk studie*. Sällskapet Runica et Mediævalia (Opuscula 10), Stockholm 2006. 169 sider.

I den søraustlege delen av Sverige, særleg i Småland, er det konsentrert ein namnetype som elles er lite utbreidd i landet, og som heller ikkje har funne grorbotn på norsk jord, nemleg namn på *-måla*. Denne namneflokk er emne for ein nyss utkomen «topolingvistisk» studie av Jan Paul Strid, *Från Mumsmålen till Duvemåla. Den svenska måla-kolonisationen under medeltiden*. I føreordet gjev forfattaren ei fin skildring av korleis han i arkivrommet til eit antikvariat i Stockholm møtte nestoren i granskinga av *måla*-namna, Nils Ödeen. Strid hadde stor respekt for denne lærde mannen, men visste ikkje då at han skulle koma til eit anna syn på tydinga av namneleddet *måla*. Den vanlege oppfatninga i tråd med Ödeen er at gammalsvensk *male* i tydinga ‘avmålt jord, område’ ligg til grunn (slik òg i *Svenskt ortnamnsleksikon*). Etter granskingane sine av *måla*-namna har Strid kome til fylgjande konklusjon om tydinga av namneleddet: «Vi utgår därför i det följande från att vårt *måle* är samma ord som fvn. *máli*, att avledningsbasen för denna *an*-stam är fnord. *māl* ‘avtal’ och att de fastighetsrättsliga användningar som finns dokumenterade hos *máli* i Västnorden och hos det medelengelska *mól* haft motsvarigheter i Östnorden» (s. 48). Den konkrete tydinga skulle etter Strid då vera ‘avtale’.

Når det gjeld oppkomst og distribusjon av *måla*-busetnaden, har forfattere kome til at han hovudsakleg er avgrensa til dei delane der sveakongen hevda retten til ein tredjedel av allmenningsjorda, at han er tettast ikring den gamle riksgrensa mellom Sverige og Danmark, dessutan i Möre ved Smålandskysten, vidare at gammalsvensk *male* har fungert som ein teknisk term innanfor utbreiingsområdet, og endeleg at det er eit klårt samband mellom *måla*-busetnaden og skattefritak (s. 151).

Boka er inndelt i ni kapittel. Etter ei kort innleiing kjem ei drøfting av førekomsten av gammalsvensk *male*. Kap. 3 tek føre seg ordet i Östgötalagen, medan kap. 4 har «Vägen till ortnamnselement» som overskrift. Kap. 5 spør (og svarar på) kvar *mål*-namna oppstod. I kap. 6 vert *-måla* diskutert i høve til *torp*. Det stutte kap. 7 har «*Benning, bygd* och *bygge*» til overskrift, før kap. 8 dreg opp den nye hypotesen om *måla*-namna. Dei litt store kapitla vert avslutta med eit samandrag, og så får me ei samla oppsummering i kap. 9. Boka vert avslutta med litteraturliste og namneregister. Ei rekkje kart og bilete aukar gleda med å lesa boka.

Det er alltid spanande når det vert argumentert for nye teoriar, og dette er ei velskriven bok som held på lesaren. Diskusjonen om dei svenske *måla*-namna er snautt slutt, men skal typen drøftast vidare, kjem ein ikkje utanom denne boka.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

### FYRSTE BANDET FRÅ PISA-KONGRESSEN

*XXII Congresso Internazionale di Scienze Onomastiche. Pisa, 28 agosto – 4 settembre 2005. Atti III. (Il Nome nel testo. Rivista internazionale di onomastica letteraria VIII). Red. Maria Giovanna Arcamone, Donatella Bremer, Davide De Camilli og Bruno Porcelli. Edizioni ETS, Pisa 2006. 719 sider.*

Den 22. internasjonale kongressen i namnegransking vart halden i Pisa, Italia 28.–4. september 2005. Hovudemnet var «il Nomi nel tempo e nello spazio» [Namn i tid og rom], ei råde som kan innehalda det meste av namnegransking. Det fyrste bandet er no utgjeve (det har fått nr. III i rekka) og inneheld føredraga i seksjon 3, som galdt litterær onomastikk. Ein grunn til at dette emnet kjem fyrst ut, kan vera at det namnefaglege miljøet i Pisa er særleg oppteke av namn i litteraturen. I underseksjon 3a vart teori og metode drøft, i til saman 12 føredrag, og i underseksjon 3b namn i ulike litterære genrar, i til saman 47 føredrag. Ikkje uventa er eit stort fleirtal av føredragshaldarane i desse to underseksjonane frå Italia. I dei nordiske landa er den litterære onomastikken i ferd med å koma etter, og ein norsk og ein svensk forskar held æra for denne delen av Europa oppe. Det er Benedicta Windt, Oslo, med tittelen «Literary theory – an essential tool in the development of literary onomastics?» [Litteraturteori – ein viktig reiskap i utviklinga av litterær onomastikk?] og Per Vikstrand, Uppsala, med «On the use of women's names in Ian Fleming's James Bond novels» [Om bruken av kvinnenamn i Ian Flemings romanar om James Bond].

Det er eit stort tiltak å halda ein internasjonal kongress, og eit minst like stort tiltak å gje ut kongressrapporten. Kor mange band som er planlagde, kjenner eg ikkje til, men det vert fleire. Og ein kan berre gle seg over at så mykje og så variert namnevitskap vert gjort tilgjengeleg. Me ser fram til neste band.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

## NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 2005

Norsk namnebibliografi femner um namnefaglege arbeid av norske granskarar og arbeid av utlendske granskarar når dei tek upp norske namn eller melder norske publikasjonar. Bibliografien byggjer på litteraturupplýsningar som redaksjonen sit inne med, og gjer ikkje krav på å vera fullstendig. Titlar som ikkje er komne med, kann takast med i bibliografien til neste år.

Klaus Johan Myrvoll  
k.j.myrvoll@iln.uio.no

- Akselberg, Gunnstein. Den nordiske namnerenessansen – renessansenamn versus andre tradisjonsnamn. Om tilhøvet mellom eit onomastisk normidealnivå og eit namnebruksnivå. I: *Person- og stadnamn under den nordiske namnerenessansen. Rapport frå NORNAs 34. symposium, Dømmesmoen 10.–12. september 2004*. Red. Gudlaug Nedrelid og Tom Schmidt. (Høgskolen i Agder. Skriftserien nr. 116.) Kristiansand, s. 99–122.
- . Names Composed in *-staðir* in Shetland and Western Norway. Continuity or Discontinuity? I: *Cultural Contacts in the North Atlantic Region: The Evidence of Names*. Red. Peder Gammeltoft, Carole Hough og Doreen Waugh. Lerwick, s. 5–24.
- . Offisielle veg- og gatenamn på Voss som fleksible og rigide designatorar. Framlegg til ein semantisk onomastisk analyse. I: *Namnens dynamik. Utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordiskt namnskick. Handlingar från den trettonde nordiska namnforskarkongressen i Tällberg 15–18 augusti 2003*. Red. Staffan Nyström. (NORNA-rapporter 80.) Uppsala, s. 27–52.
- . The structure of the onomasticon and name classification. I: *Proceedings of the 21st International Congress of Onomastic Sciences. Uppsala 19–24 August 2002*, bd. 1. Red. Eva Brylla og Mats Wahlberg. Uppsala, s. 67–78.
- Alhaug, Gulbrand. Fornamn i 1905. *Språknytt* 1–2/2005, s. 1–6 og 64.
- . Norsk-svensk framtidssymposium i Valdres 27.–30. mai 2005. *Nytt om namn* 41, s. 8–14.
- . Støtte frå Noregs forskingsråd til standardisering av namn i folketeljningane. *Nytt om namn* 41, s. 47–49.

- . *Toril* – a name that spelled freedom in 1945. I: *Contexts – Historical, Social, Linguistic. Studies in Celebration of Toril Swan*. Red. Kevin McCafferty, Tove Bull og Kristin Killie. Bern *et al.*, s. 19–29.
- . [Melding av] Vera Lif: *Ingermanländares namnskick under 1900-talet. Kontinuitet och förändring*. Uppsala 2004. *Namn och bygd* 93, s. 150–151.
- Aune, Kolbjørn. Namnet Fosen. I: *Fosens historie. Fra istid til 1730*. Red. Kolbjørn Aune. (Skrifter utgitt av Fosen historielag 7.) Orkanger, s. 314.
- Bakken, Kristin. The development of personal names from the 16th to the end of the 18th century. III. Norway. I: *The Nordic Languages. An International Handbook of the History of the North Germanic Languages*. 2. Red. Oskar Bandle. Berlin, s. 1321–1323.
- Bjorvand, Harald. Navnet *Sola* – kan det forklares? *Namn och bygd* 93, s. 37–43.
- . Skiptvet. *Maal og Minne* 1/2005, s. 1–10.
- . Tre elve- og bekkenavn i Aker (Oslo). *Namn och bygd* 93, s. 45–57.
- Bjørkvik, Eilert. Hals og «Huvaset». To glømte gårdsnavn i Stjørna. *Årbok for Fosen* 2005, s. 111–118.
- Bondevik, Jarle. [Melding av] Tom Schmidt: *Nøvn austa åsen. Bustadnamn i Øystre Slidre*. Oslo 2005. *Namn og Nemne* 22, s. 129–132.
- Dalberg, Vibeke. Vidar Haslum: *Artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk. En studie i onomastikk og dialektologi*. Doktordisputas i Bergen, 19. desember 2003. 1. opponert: Vibeke Dalberg. *Namn og Nemne* 22, s. 11–23.
- Ellingsve, Eli Johanne. *Stedsnavn på Svalbard – Names on Svalbard*. Trondheim: Tapir akademisk forlag. 186 s.
- Elmevik, Lennart. Till frågan om existensen av gudinnenamnet *Fröja* i norska ortnamn. *Namn och bygd* 93, s. 136–138.
- Entzenberg, Sonja. [Melding av] *Nordica Bergensia* 30. *Temanummer i onomastikk*. Red. Ole-Jørgen Johannessen. Bergen 2004. *Studia anthroponymica Scandinavica* 23, s. 121–123.
- Foss, Johan G. Stadnamna våre. Namnelaging og alder. *Årbok for Fosen*, s. 91–110.
- Gundersen, Eigel: «Du ska'kke tru at du er noe». Tilnavn og utnavn i Larvik ca. 1900–1945. *Namn og Nemne* 22, s. 57–73.
- Gaasvik, Nils Jørgen. Danske restar i norske stadnamn. *Nytt om namn* 42, s. 21–26.
- Hagland, Jan Ragnar. [Melding av] *Blandade runstudier* 3. Uppsala 2004. *Studia anthroponymica Scandinavica* 23, s. 102–104.

- Hallberg, Göran. [Melding av] Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold 5. Rygge og Moss*. Utgj. Tom Schmidt. Oslo 2004. *Namn och bygd* 93, s. 144–145.
- Harsson, Margit. Hole i 1905. *Ringerike* 2005, s. 42–46.
- . Kåre Hoel og prosjektet «Bustadnavn i Østfold» med eksempler fra Idd og Enningdalen. *Ida. Kulturbygd i grenseland. Idd og Enningdalen Historielags årbok* 2005, s. 112–115.
- . Stadnamn i grenseland – om namn på stikle. *Nytt om namn* 42, s. 16–20.
- . Handbok for moderne pilegrimar. [Melding av] Tormod Berger og Eivind Luthen: *Pilegrimsguiden Hamar – Nidaros*. Oslo 2005. *Nytt om namn* 42, s. 72–73.
- Haslum, Vidar. Navnerenessanse eller gammel navneskikk eller begge deler? Navngivningsmønstre i store søskenflokker på Agder i perioden 1880–1940. I: *Person- og stadnamn under den nordiske navnerenessansen. Rapport frå NORNA 34. symposium, Dømmesmoen 10.–12. september 2004*. Red. Gudlaug Nedrelid og Tom Schmidt. (Høgskolen i Agder. Skriftserien nr. 116.) Kristiansand, s. 123–142.
- . Spor av gammel bosetning på Mosfjellheia. *Birkenes Historielag. Årsskrift* 24, s. 56–66.
- . Vidar Haslum: *Artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk. En studie i onomastikk og dialektologi*. Doktordisputas i Bergen, 19. desember 2003. [Doktorandens presentasjon.] Svar fra doktoranden. *Namn og Nemne* 22, s. 7–10 og 42–56.
- . [Melding av] Eli Johanne Ellingsve: *Stedsnavn på Svalbard / Names on Svalbard*. Trondheim 2005. *Namn og Nemne* 22, s. 117–118.
- . [Melding av] *Namenarten und ihre Erforschung. Ein Lehrbuch für das Studium der Onomastik. Anlässlich des 70. Geburtstages von Karlheinz Hengst*. Utgj. Andrea Brendler og Silvio Brendler. Hamburg 2004. *Namn och bygd* 93, s. 152–155.
- Helleland, Botolv. Det historiske namnelandskapet i Ullensvang. Med vekt på sakrale og sosiale tilhøve. *Hardanger* 2005, s. 74–106.
- . Ferdsløse på Hardangervidda i ljøs av stadnamn. I: *Namnens dynamik. Utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordiskt namnskikk. Handlingar från den trettonde nordiska namnforskarkongressen i Tällberg 15–18 augusti 2003*. Red. Staffan Nyström. (NORNA-rapporter 80.) Uppsala, s. 145–162.
- . Frå amt til fylke. *Språknytt* 1–2/2005, s. 7–13.
- . Marknadstilpassa adressenamn på Tjuvholmen. *Nytt om namn* 41, s. 38–39.



- . Person- og stadnamn under den nordiske namnerenessansen. NORNA 34. symposium, Dømmesmoen 10.–12. september 2004. Oppsummering. I: *Person- og stadnamn under den nordiske namnerenessansen. Rapport frå NORNA 34. symposium, Dømmesmoen 10.–12. september 2004*. Red. Gudlaug Nedrelid og Tom Schmidt. (Høgskolen i Agder. Skriftserien nr. 116.) Kristiansand, s. 143–147.
- . Stedsnavn. I: *Norsk arkeologisk leksikon*. Red. Einar Østmo og Lotte Hedeager. Oslo, s. 346–350.
- . Fyrste bandet frå ICOS-kongressen i Uppsala. [Melding av] *Proceedings of the 21st International Congress of Onomastic Sciences. Uppsala 19–24 August 2002*, band 1. Red. Eva Brylla og Mats Wahlberg. Uppsala 2005. *Nytt om namn* 41, s. 73–74.
- . [Melding av] *Namn. Hyllningsskrift till Eva Brylla den 1 mars 2004*. Red. Svante Strandberg, Mats Wahlberg og Björn Heinrici. Uppsala 2004. *Studia anthroponymica Scandinavica* 23, s. 118–121.
- . Stadnamn og kulturhistorie frå Aurland. [Melding av] Erlend Vinjum: *Aurland. Stadnamn og kulturhistorie*. [Aurland] 2004. *Nytt om namn* 41, s. 65–66.
- . Tysk lærebok for namnestudiet. [Melding av] *Namenarten und ihre Erforschung. Ein Lehrbuch für das Studium der Onomastik. Anlässlich des 70. Geburtstages von Karlheinz Hengst*. Utgj. Andrea Brendler og Silvio Brendler. Hamburg 2004. *Nytt om namn* 42, s. 70–71.
- Henriksen, Marit Breie. Tanker om en database for samiske stedsnavn. *Nytt om namn* 42, s. 26–31.
- Hoel, Kåre †. *Bustadnavn i Østfold 6. Askim*. Utgitt av Seksjon for navnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo ved Margit Harsson. Oslo: Novus forlag. 279 s.
- Holmberg, Bente. [Melding av] Berit Sandnes: *Fra Starafjell til Starling Hill. Dannelse og utvikling av norrøne stedsnavn på Orknøyene*. Trondheim 2003. *Namn och bygd* 93, s. 176–178.
- Holsbøvåg, Kåre Magne. *Jotunheimen, Jutulfjellet og Jutuldøra*. *Nytt om namn* 41, s. 58.
- Johannessen, Ole-Jørgen. Nordisk navnerenessanse i Norge før 1865? I: *Person- og stadnamn under den nordiske namnerenessansen. Rapport frå NORNA 34. symposium, Dømmesmoen 10.–12. september 2004*. Red. Gudlaug Nedrelid og Tom Schmidt. (Høgskolen i Agder. Skriftserien nr. 116.) Kristiansand, s. 9–28.
- . The typology of ship names. I: *Proceedings of the 21st International Congress of Onomastic Sciences. Uppsala 19–24 August 2002*, bd. 1. Red. Eva Brylla og Mats Wahlberg. Uppsala, s. 185–195.

- Korslund, Frode. Bygdenavnet *Brandbu*. *Nytt om namn* 41, s. 51–52.
- . [Debatt. Gudinnenamnet *Fröja* i norske ortnamn?] Kommentar til et bidrag av Lennart Elmevik. *Namn och bygd* 93, s. 135.
- Krag, Claus. [Melding av] Fjodor Uspenskij: *Name und Macht. Die Wahl des Namens als dynastisches Kampfinstrument im mittelalterlichen Skandinavien*. Frankfurt am Main 2004. *Namn och bygd* 93, s. 182–184.
- Kruken, Kristoffer. Kora, Datan og Abiram – i unåde hos Herren. *Spor* 1, s. 27.
- . *Odin og Dagros* – typer og motiv i norske ku- og oxenamn. I: (*Nesten*) *alt du trenger å vite om norsk. 52 om språk*. Red. Helene Uri. Oslo, s. 145–147.
- Langekiehl, Atle Steinar. De nordiske husebyenes kronologi og Ull-navnene. *Collegium Medievale* 18, s. 36–85.
- Larsen, Terje. Skrivemåten av namn på matrikulerte eignedommar i Noreg før og etter lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn. I: *Namnens dynamik. Utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordiskt namnskick. Handlingar från den trettonde nordiska namnforskarkongressen i Tällberg 15–18 augusti 2003*. Red. Staffan Nyström. (NORNA-rapporter 80.) Uppsala, s. 195–204.
- Leibring, Katharina. [Melding av] *Nordica Bergensia* 30. *Temanummer i onomastikk*. Red. Ole-Jørgen Johannessen. Bergen 2004. *Namn och bygd* 93, s. 166–167.
- Leira, Vigleik. Geografiske navn i diverse språk. *Nytt om namn* 42, s. 39–44.
- . Geografiske navn i diverse språk. *Namn og Nemne* 22, s. 97–115.
- Myrheim, Frode. Navneleksikon. [Melding av] Birger Sivertsen: *Fornavn. Norsk navneleksikon*. Oslo 2003. *Genealogen* 1/2005, s. 71–72.
- Myrvoll, Klaus Johan. Mangslungne namneverder. [Melding av] *Namenwelten. Orts- und Personennamen in historischer Sicht*. Red. Astrid van Nahl, Lennart Elmevik og Stefan Brink. Berlin – New York 2004. *Nytt om namn* 41, s. 71–73.
- . Nytt um suffiks i gamle stadnamn. [Melding av] *Suffixbildungen in alten Ortsnamen. Akten eines internationalen Symposiums in Uppsala 14.–16. Mai 2004*. Red. Thorsten Andersson og Eva Nyman. Uppsala 2004. *Nytt om namn* 41, s. 63–64.
- . [Melding av] *Suffixbildungen in alten Ortsnamen. Akten eines internationalen Symposiums in Uppsala 14.–16. Mai 2004*. Red. Thorsten Andersson og Eva Nyman. Uppsala 2004. *Namn og Nemne* 22, s. 122–126.

- Nedreliid, Gudlaug. Endring i oppkallingsskikken i eit vestnorsk bygdesamfunn. I: *Namnens dynamik. Utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordiskt namnskick. Handlingar från den trettonde nordiska namnforskarkongressen i Tällberg 15–18 augusti 2003*. Red. Staffan Nyström. (NORNA-rapporter 80.) Uppsala, s. 217–243.
- . *Flettfrid, Kjøtulv og meir vanlege nydanningar*. I: *Person- og stadnamn under den nordiske namnerenessansen. Rapport frå NORNAs 34. symposium, Dømmesmoen 10.–12. september 2004*. Red. Gudlaug Nedreliid og Tom Schmidt. (Høgskolen i Agder. Skriftserien nr. 116.) Kristiansand, s. 63–74.
- Nedreliid, Gudlaug og Tom Schmidt (red.). *Person- og stadnamn under den nordiske namnerenessansen. Rapport frå NORNAs 34. symposium, Dømmesmoen 10.–12. september 2004*. (Høgskolen i Agder. Skriftserien nr. 116.) Kristiansand: Høgskolen i Agder. 148 s.
- . Nordisk namnforskning 2004. 2. Litteraturkrönika. 2.5. Norge. *Namn och bygd* 93, s. 120–125.
- Noack, Turid og Kenneth Aarskaug Wiik. Navnevalg ved giftermål. Likestillingens siste skanse. *Samfunnsspeilet* 5/2005, s. 2–8.
- Nystu, Nils. Namnet *Leangen*. *Maal og Minne* 2/2005, s. 191–194.
- Ormeling, Ferjan. Stadnamn på Svalbard. [Melding av] Eli Johanne Ellingsve: *Stedsnavn på Svalbard – Names on Svalbard*. Trondheim 2005. *Nytt om namn* 42, s. 73–75.
- Reisæter, Guro. Med babelske namn i bagasjen. Registrering og bruk av uvanlige namn ved innvandring til Noreg. I: *Namnens dynamik. Utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordiskt namnskick. Handlingar från den trettonde nordiska namnforskarkongressen i Tällberg 15–18 augusti 2003*. Red. Staffan Nyström. (NORNA-rapporter 80.) Uppsala, s. 255–268.
- Riddervold (Smith), Billy. *Kallenavn i Bergen på lærere, byoriginaler, jenter, gutter, fotballspillere, gater og steder*. Bergen: Bodoni forlag. 87 s.
- Røsjø, Ellen. Når Oslo-gater døpes. Spesielt om gatenavn i regulerte byområder. *Nytt om namn* 41, s. 52–57.
- Sandnes, Berit. What is Norse, what is Scots in Orkney Place-Names? I: *Cultural Contacts in the North Atlantic Region: The Evidence of Names*. Red. Peder Gammeltoft, Carole Hough og Doreen Waugh. Lerwick, s. 173–180.
- Sandøy, Ragnhild. Stedsnavn og landskapsnavn i moderne byutvikling. *Kart og plan* 65 (4/2005), s. 250–256.
- . Stedsnavn og områdenavn – kommersielle produkter i moderne byutvikling. *Nytt om namn* 41, s. 40–42.

- Schmidt, Tom. *Nøvn austa åsen. Bustadnamn i Øystre Slidre*. Oslo: Novus forlag, 400 s.
- . Onomastic Evidence for Faroese and Shetlanders in Norway? I: *Cultural Contacts in the North Atlantic Region: The Evidence of Names*. Red. Peder Gammeltoft, Carole Hough og Doreen Waugh. Lerwick, s. 181–198.
- . «Regionale samleformer» – et problem i normeringen av stedsnavn? I: *Mons 10. Utvalde artiklar frå det tiande Møte om norsk språk i Kristiansand 2003*. Red. Svein Lie, Gudlaug Nedrelid og Helge Omdal. Kristiansand, s. 267–275.
- . Rapport fra kongressen i Tällberg. [Melding av] *Namnens dynamik. Utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordiskt namnskick. Handlingar från den trettonde nordiska namnforskarkongressen i Tällberg 15–18 augusti 2003*. Red. Staffan Nyström. Uppsala 2005. *Nytt om namn* 41, s. 66–70.
- Steinmo, Per Kr. Stedsnavn på Helgeland. *Årbok for Helgeland* 36, s. 100–110.
- Syrstad, Ola. Namn og namneskikk i Hemne på 1800-tallet. *Årbok for Fosen* 2005, s. 135–140.
- Særheim, Inge. Norse Settlement Names in *-land* in Shetland and Orkney. I: *Cultural Contacts in the North Atlantic Region: The Evidence of Names*. Red. Peder Gammeltoft, Carole Hough og Doreen Waugh. Lerwick, s. 216–229.
- . Vidar Haslum: *Artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk. En studie i onomastikk og dialektologi*. Doktordisputas i Bergen, 19. desember 2003. 2. opponent: Inge Særheim. *Namn og Nemne* 22, s. 23–42.
- . [Melding av] *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2003*. Red. Kristoffer Kruken. Oslo 2004. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 2/2005, s. 290–292.
- Taylor, Simon. [Melding av] Berit Sandnes: *Fra Starafjell til Starling Hill. Dannelse og utvikling av norrøne stedsnavn på Orknøyene*. Trondheim 2003. *Northern Studies. The Journal of the Scottish Society for Northern Studies* 39, s. 118–124.
- Utne, Ivar. Fornavn eller ikke fornavn – om bruk og godkjenning av uvante fornavn. *Nordica Bergensia* 32, s. 85–114.
- . Grensesprengende navn. *Nytt om namn* 41, s. 23–29.
- . Innpassing av nye navnekulturer i det norske folkeregisteret. *Namn og Nemne* 22, s. 75–96.
- . Utenlandske navneskikker og den nye norske personnavnloven. Behov og bestemmelser. I: *Namnens dynamik. Utvecklingstendenser och*

- drivkrafter inom nordiskt namnskick. Handlingar från den trettonde nordiska namnforskarkongressen i Tällberg 15–18 augusti 2003.* Red. Staffan Nyström. (NORNA-rapporter 80.) Uppsala, s. 307–331.
- . [Melding av] Billy Riddervold (Smith): *Kallenavn i Bergen*. Bergen 2005. *Namn og Nemne* 22, s. 127–129.
- . [Melding av] Gulbrand Alhaug: *Fornamn i Noreg frå 1900 til 1975 – med vekt på endringar i namnemønsteret*. Oslo 2004. *Namn og Nemne* 22, s. 119–122.
- Vikstrand, Per. [Melding av] *Over grenser. Østfold og Viken i yngre jernalder og middelalder*. Red. Jón Viðar Sigurðsson og Per G. Norseng. Oslo 2003. *Namn och bygd* 93, s. 168–169.
- Wetås, Åse. *Tveiten og Tortveit*. Om opphavleg oblik form i stadnamn. I: *Namnens dynamik. Utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordiskt namnskick. Handlingar från den trettonde nordiska namnforskarkongressen i Tällberg 15–18 augusti 2003*. Red. Staffan Nyström. (NORNA-rapporter 80.) Uppsala, s. 345–359.
- Wiik, Kenneth Aarskaug. Hva skal barnet hete? Det blir gjerne fars etternavn. *Samfunnsspeilet* 6/2005, s. 2–5.
- Aars, Ivar. Frå Marit og Magelin til Ingebjørg og Jøronn. Um jentenamn i Valdres. *Årbok for Valdres* 2005, s. 97–123.
- . Nøvn austå åsen. [Melding av] Tom Schmidt: *Nøvn austå åsen. Bustadnamn i Øystre Slidre*. Oslo 2005. *Nytt om namn* 42, s. 68–70.

### 2003 – tillegg

- Elmevik, Lennart. Kan gudinnenamnet *Fröja* säkert spåras i norska ortnamn? *Namn och bygd* 91, s. 142–143.
- Schmidt, Tom. Særtrekk ved stedsnavnmaterialet fra Østfold i jernalder og middelalder. I: *Over grenser. Østfold og Viken i yngre jernalder og middelalder*. Red. Jón Viðar Sigurðsson og Per G. Norseng. (Senter for studier i vikingtid og nordisk middelalder. Skriftserie nr. 5.) Oslo, s. 71–99.

### 2002 – tillegg

- Kristiansen, Jan Erik. Fri flyt av fornavn. Fra *Kari* og *Ola* til *Sara* og *Thomas*. *Samfunnsspeilet* 1/2002, s. 22–26.
- Lohndal, Anstein. Gardsnamn på -stad i Vest-Agder. Litt regional busetjingshistorie. *Agder Historielag. Årsskrift* 78, s. 25–45.